

# SPRÅK nytt

UTGITT AV SPRÅKRÅDET

34. årgang 4/2006



# Norsk og nordisk

I dette nummeret har vi en artikkel om Lørgen Løvland. Ved siden av Christian Michelsen var han den mest sentrale aktøren i det dramatiske året 1905. Språklig sett er det et paradox at svensketida fra 1814 til 1905 så å si ikke har hatt noen som helst betydning for utviklinga av norsk språk.

Men kom så igjen i vår tid, for eksempel i tida fra 1960 og fram til i dag. Vi har ingen union med Sverige, men aldri har påvirkningen fra svensk vært som nå. Titusener svensker arbeider i Norge, meteorologer snakker svensk-norsk i NRK, NRK Oppland har hatt en populær svensktalesende medarbeider. I Oslo i 2006 betyr ordet «svenske» i en gitt situasjon ‘kelner’. Slik er det hundre år etter unionsoppløsningen. Og det er flott. Det er flott at norsk og svensk språk nå står i så nært kontakt med hverandre som de ikke har gjort på flere hundre år.

Så språkforståelsen på den skandinaviske halvøya står ikke i fare. Men i ytterkantene i Norden rakner det. På Island kan en skandinav forsøke å snakke et tydelig dansk, svensk eller norsk – men får svar på engelsk. (Statistikkene forteller at islandinger er de i Norden som oftest bruker engelsk i hverdagen.) I øst er stadig færre finner i stand til å føre samtaler på svensk. Derfor kan alle som er aktive i nordisk samarbeid, nå rapportere om at nordiske møter oftere og oftere foregår på engelsk. Ellers kan ikke islandinger og finner delta på like fot med de andre. Heller ikke «sydflanken» Danmark er hva den en gang var. Svensker og nordmenn på besøk

beretter om at selv om de forsøker seg med distinkt skandinavisk tale, far de like ofte svar på engelsk som på dansk.

Er nå dette så farlig, blir vi ikke stadig mer internasjonalisert (les: anglisert)? Er ikke dette kulturell nostalgi? Nordea, den største banken i Norden, mener nei. Nordea satser maksimalt på å bruke skandinavisk. For dem gjelder det å opprettholde et næringslivsmarked av folk som forstår hverandre. De vet at milliarder av kroner står på spill.

Den dagen vi nordmenn og svensker snakker engelsk med dansker, islandinger og finner, har Norden sluttet å eksistere – ikke bare som kulturell region, men også som en region for felles arbeidsliv og økonomi. Nordboerne har da spilt bort sitt aller sterkeste internasjonale kort, å kunne framstå som en fellesregion med 25 millioner. Svensker og nordmenn sitter da igjen med en skandinavisk region på 15 millioner.

Derfor har Nordens språkråd i 2006 gjort ferdig en språkdeklarasjon som skal forplikte de nordiske land til å bli enige om visse språkpolitiske retningslinjer. De nordiske utdanningsministrene sluttet seg nylig til teksten. Seinere i høst får sesjonen i Nordisk Råd den på sitt bord. Teksten er god nok, men uten politisk vilje og påfølgende handling innen utdanning, forskning og arbeidsliv blir den bare – en god tekst.

*Sylfest Tomheim*

## INNHALD 4/2006

- |  |  |
|--|--|
| 1 Den store, ukjende språkpolitikaren                      | 19 Altona og andre importerte stadnamn                     |
| 5 Det nye testamentet 2005                                 | 24 murer murer murer                                       |
| 9 Åtte potter rømme, fire merker<br>smør                   | 27 Filleonkel og filletante<br>– kommentar til kommentarar |
| 14 «Til din informasjon»<br>Om e-postkopier i arbeidslivet | 30 Nyord   |
|  | 31 Spørjespalte  |

# Den store, ukjende språkpolitikaren

---

SYLFEST LOMHEIM

---

JØRGEN LØVLAND (1848–1922) var i ein mannsalder ein av våre mest sentrale politikarar. Ved sida av statsminister Christian Michelsen var Jørgen Løvland den viktigaste aktøren under unionsoppløysinga i 1905. Det var han som leidde møtet med svenskekongen Oskar 2. i Stockholm den avgjerande dagen 27. mai i 1905. Då Michelsen danna regjering, vart han den første utanriksministeren i landet. Løvland sat i Nobelkomiteen i tjue år (mesteparten av tida som formann), vart stortingspresident i 1913 og var kyrkje- og undervisningsminister frå 1915 til 1920.

Me skulle tru at ein så sentral mann i det nye Noreg kom til å få eit ruvande ettermæle. Faktum er at Jørgen Løvland er lite kjend for dagens nordmenn. Heilt urettvist har han kome i skuggen av dei andre store namna frå tida like etter hundréársskiftet. Kanskje har det vorte for trøngt ved sida av kong Haakon, Christian Michelsen, Fridtjof Nansen og Bjørnstjerne Bjørnson? Biografien om han kom først i samband med hundréåsmarkeringa i 2005 for oppløysinga av unionen med Sverige. Då gav Samlaget ut *Jørgen Løvland. Vår første utanriksminister* av Per Eivind Hem.

Her skal me konsentrera oss om *språkpolitikaren* Jørgen Løvland. Han er sjølv sagt nemnd i dei språkhistoriske handbøkene våre, men me får liksom ikkje

inntrykk av at han er ein av våre største språkpolitikarar i moderne tid, endå det er han. Truleg har ingen enkeltperson på så avgjerande vis påverka den norske språksituasjonen i førstninga av 1900-talet som han. Her er eit knippe av saker:

Kven stod bak at kongen og kronprinsen i 1905 fekk namna *Haakon* og *Olav*? Ifølgje statsminister Michelsen var det Løvland. Og som me veit, har dette vorte dei sentrale namna i kongehuset dei siste hundre åra.

Kven fekk gjennom stortingsvedtaket om å innføra sidemåsstilen i 1907? Det var Løvland, med støtte frå statsminister Michelsen.

Kven stod i spissen for arbeidet med å skifta ut unorske administrative nemningar (som *amt*) og geografiske namn (som *Fredrikshald*)? Løvland, særleg i dei ára han var undervisningsminister.

Kven var den sentrale mannen i arbeidet med å få gjennom rettskrivinga for riksål og landsål i 1917, den dei fleste reknar som den aller viktigaste rettskrivningsreforma på heile 1900-talet? Kyrkje- og undervisningsminister Løvland.

Det er liten tvil om at berre det Jørgen Løvland gjorde på området språkpolitikk, rekk lenge som livsverk.

Jørgen Løvland gjorde seg gjeldande alt i 1885, då Stortinget gjorde det kjende vedtaket om å gje landsmålet same sta-

tus som «det almindelige bogsprog». På den tida var den unge læraren Løvland aktiv venstrepolitikar på Agder. Han dreiv den lokale kampanjen for landsmålet i Kristiansand. Til og med på *nyttårsaftan* 1884 arrangerte han møte på lærar-seminaret i byen og fekk forsamlinga til å vedta ei fråsegn om landsmålet. Ikkje uventa valde Venstre-egdene han til tingmann i 1885, og i Kristiania-politikken hadde han så arbeidsplassen sin meir eller mindre uavbrote like fram til 1920.

### Landsmålet frå tilbod til påbod

Det var då han var utanriksminister (1905–1907), han fekk regjeringa med på å innföra obligatorisk skriftleg eksamen i landsmål i gymnaset. Fram til då hadde landsmålet vore eit *tilbod* til dei utdanningssökjande, no vart det eit *påbod* for alle som tok vidaregåande utdanning. I praksis førte dette til at me etter ei tid fekk ein embetsstand som hadde ein viss dugleik i begge skriftmåla.

Løvland måtte ut or regjeringa like etter. I dei tre ára frå 1909 til 1912 var han leiar i det nystifta Noregs Mållag. Organisasjonsmann var han ikkje, og protokollane frå desse tre ára er mangelfulle. Men det han ikkje gjorde i protokollane, det gjorde han på talarstolane. Ved å bruka namnet sitt etablerte han vørndnad for organisasjonen og gjorde sitt til å gjera landssamanslutninga for målsaka synleg.

### «Umvølte paa norsk»

Etter eit mellomspel som stortingspresident frå 1913 til 1915 vart han kyrkje- og undervisningsminister i 1915. Det er som me kan ana kor han hadde sett fram til å innta denne posisjonen for å få sett ut i livet ein del av dei kulturpolitiske sak-

ene han brann for. Først tok han tak i spørsmålet om stadnamn og nemningar på administrative einingar. Dette var ei sak som hadde vore under førebuing ei tid. Alt i 1900 hadde Stortinget uttalt ønske om at offentlege namn måtte «verta umvølte paa norsk elder umbytte med nasjonale namn, der det trengst, og bed Rikstyret (sic!) um aa gjennomföra desse brigdi». Løvland fekk fram innstillingar om dette i 1915 og 1916, førde i pennen av professorane Hjalmar Falk og Marius Hægstad. Diskusjonen om nemningane *amt* og *amtmann* gjekk høgt. Skulle ein velja *fylke* eller *syssel*? Skulle embetsmannen heita *jarl*, *sysselmann* eller *fylkesmann*? Per Eivind Hem kan avslöra at Løvland eigentleg tykte best om *jarl*. *Fylkesmann* meinte han var ein «mann frå fylket», slik *bygdemann* var ein «mann frå bygda». Som me veit, vart resultatet *fylke* og *fylkesmann*. I dag må me vedgå at likestillingsperspektivet hadde vorte betre ivareteke med *jarl*. Tora Aasland i Rogaland, Kirsti Kolle Grøndahl i Buskerud, Kristin Hille Valla i Oppland og alle andre fylkesmenn kunne ha vore «jarlar».

Det neste Løvland gjekk laus på, var namn på bispedømme, fylke og byar. For det første gjekk ordet *stift* ut, og *bispedømme* kom inn. For det andre fekk fleire av stifta nye namn. Løvland meinte at etter norrøn tradisjon skulle administrasjonsbyane gje namn til bispedømma, så han ønskete at bispedømma skulle heita *Oslo*, *Hamar*, *Bjørgvin*, *Nidaros* og *Trums*. Synet hans vann ikkje heilt fram – det vart *Hålogaland* i nord, ikkje *Trums*, og *Agder* i sør, ikkje *Kristiansand*. Når det gjaldt nye namn på fylke, ville Løvland helst ha hatt *Romerike* og *Ringerike*, men det vart *Akershus* og *Buskerud*. Han ville òg helst ha hatt *Hålogaland fylke*, men det

vart *Nordland*. Elles vart *Nordre Bergenhus* til *Sogn og Fjordane*, *Søndre Bergenhus* til *Rogaland*, *Smaalenene* til *Østfold*, *Bratsberg* til *Telemark* – berre for å nemna fire.

### Nye fylkesnamn

Dei nye fylkesnamna vart offisielle etter 1919, og jamt over vart dei tekne vel imot. Då stod det meir strid om bynamna. Dei styrande i Kristiania ville ikkje ha *Oslo*, men Stortinget skar gjennom og vedtok det. I Trondhjem gjekk det nesten på livet laus, men enden på bataljen vart kompromisset *Trondheim*, etter eit år med *Nidaros*. Den byen er altså den einaste i landet som har hatt tre offisielle namn på 1900-talet. Mange namn elles òg fekk tilbake tradisjonelle norske former – med nokre unntak. Verken *Veslehamar*, *Vatsoy* eller *Tveitestrand* vart vedtekne. Dei tradisjonelle danske namna vart ståande.

### Frå ulming til glør

Om det ulma ein del i debatten om slike namn, var det for ingen ting å rekna samanlikna med gløden i málstriden. Dei landsfemnande organisasjonane for riks-målet og landsmålet hadde vore i aktivitet sidan først på 1900-talet. Å freista ta opp heile rettskrivingssituasjonen i form av ei samla rettskrivningsreform var å stikka handa beint i kvefsebolet. Det visste alle. Løvland gjorde det likevel. Han ville ha ei skikkeleg reform som skulle «åpne veien for en utvikling frem imot nasjonal samling på grunnlag av folkets virkelige talesprog». Dei som kan si norske språkhistorie, veit at her er det dynamitt i kvart eit ord.

Den rettskrivinga som vart vedteken gjennom kongeleg resolusjon i 1917, gjorde for første gong den sosiale sida av språkstriden synleg. Tidlegare hadde

hovudspørsmålet i språkdebatten krinsa rundt det nasjonale: Skal skriftspråket vera dansk-norsk eller heilnorsk? I samband med reforma i 1917 endra språkstriden karakter. Frå då av har språkdebatten dreia seg om folkemål og bymål, om «dannede former» eller «vulgari-sering», tradisjon eller ikkje-tradisjon. Sterke kjensler har vorte kvervla opp langs sosiale og ideologiske liner.

Reint konkret gjekk den nye rettskrivinga inn for å etablera utstrekkt valfri-dom, både i riks-mål og lands-mål. Orda kunne ha berre éi form, eller dei kunne ha to former som var valfrie. Som berande prinsipp var dette både nytt og dristig. *Bein* og *sein* og *gata* og *boka* vart korrekte former ved sida av dei tradisjonelle *ben* og *sen*, og *gaten* og *boken*. *Bru* og *tru* og *golv* kunne nyttast, som alternative former til *bro*, *tro* og *gulv*.

På landsmålssida skjedde det ei til-svarande tilnærming til folkemålet. Aasens *boki* vart erstatta med valfritt *boki* eller *boka*, *ven* vart til valfritt *ven* eller *venn* osv. Setringa *vennen kasta boka over bruva* kunne etter 1917 altså vera både riks-mål og lands-mål. Ikkje rart at mange elles sindige nordmenn i åra etter 1917 meinte at det berre var eit tidsspørsmål før dei to skriftvariantane kom til å smelta saman.

Frå vår utvikelpost i 2006 er det ikkje vandt å sjå at dei sakene Løvland arbeidde med – sidemålsundervisning, namn på administrative einingar, geografiske namn, reforma av riks-mål og lands-mål – er blant dei viktigaste språkendringane som har vorte gjennomførde dei siste hundre åra. Det kan òg sjå ut som at av alle dei saksområde han arbeidde med som politikar, var det språk og kultur som greip djupast i hjartet hans. Difor var det som det skulle vera, at den siste

bolken hans som politisk aktiv nettopp  
vart dominert av å gje folkekulturen  
plass og innverknad.

Han var vel klar over at dei ikkje var  
problemlause, dei sakene han slost for.  
«Farerne liggjer til alle Sider. Men naar  
man er forvisset i sit Sind og med sin

Pligt, da er Gjerningen ikke saa tung,»  
skreiv Løvland til barndomsvennen Hans  
Faret, lærar på Hornnes i Setesdal. Jørgen  
Løvland tok sine plikter, han opplevde  
«farerne» og kampane. Men han opplev-  
de som politikar sanneleg òg glede over  
å sjå viktige saker gjennomførde.

## Språkstrid i Nord-Sverige

Suksessforfattaren Mikael Niemi, som  
er mest kjend for boka *Populärmusikk  
frå Vittula*, fortel i samband med at ei  
ny bok er komen ut på norsk, om  
språkstrid der han voks opp:

I fråflyttingskommunen Pajala i  
Tornedalen i Nord-Sverige bur det både  
svenskar, samar og finnar. Språket til  
finnane, *tornedalsfinsk* eller *meänkieli*,  
fekk offisiell status som minoritets-  
språk i år 2000. Finnane nekta ofte for  
at dei hadde finsk opphav og skifta fra  
finske til svenske namn for å tilpassa  
seg.

Finsk og tornedalsfinsk skil seg frå  
kvarandre omlag som norsk og svensk,  
ein skjøner mykje, men det er ein del  
skilnader, fortel Niemi, som er av både  
finsk, samisk og svensk blod.

Skulane underviste berre på svensk,  
og ungane fekk ein lusing dersom dei  
tala den avskydde tornedalsfinsken.  
Det skulle knekkja eit folks sjølvtillett.

På spørsmål om det framleis er ei  
skam å tala tornedalsfinsk i Tornedalen,  
svarar han at det er i ferd med å snu.  
Han trur at *Populärmusikk frå Vittula*  
har vori med på å få til ei endring.

## Svensk namnestrid om ein *j*

Striden gjeld spørsmålet om korleis  
ein skal skriva namnet på den bygda i  
Värmland – ikkje langt frå grensa mot  
Noreg – som på kartet står skrivi  
*Kesebotten*. Dei 27 som bur der, har i  
seks år kjempa for å få att skrivemåten  
*Kjesebotten*, som var den som galdt fram  
til 1915. Men *Kjesebotten* verka for norsk,

og difor tok myndighetene vekk *j*-en  
den gongen, berre ti år etter oppløy-  
singa av unionen mellom Noreg og  
Sverige. Av di dei svenske myndigheit-  
ene framleis seier nei til den gamle  
skrivemåten, vurderer k(j)eobotning-  
ane å gå til Europadomstolen med  
saka.

# Det nye testamentet 2005

HANS JOHAN SAGRUSTEN

**D**ET NORSKE BIBELSELSKAP gav i november 2005 ut ei revidert omsetjing av Det nye testamentet (NT) på bokmål og nynorsk. Den nye utgåva fekk namnet NT 2005. Samtidig arbeider Bibelselskapet med ei revidert utgåve av Det gamle testamentet (GT) òg. Innan 2010 håpar ein å ha kome gjennom heile Bibelen.

Mange har helsa ei ny utgåve velkommen, medan andre har spurt seg: «Kan det vera nødvendig med ei ny bibeltekst alt no?» Ein synest ikkje det er så lenge sidan 1975, då det førre nytestamentet kom, og 1978, då heile Bibelen var ferdig omsett.

I denne artikkelen vil eg peike på nokre sider ved den reviderte utgåva. Sidan eg er ein av omsetjarane, er eg på ingen måte objektiv. Men lesaren har full tilgang til alle tekstene på nettstaden [www.bibelen.no](http://www.bibelen.no). Der kan ein samanlikne NT 2005 med utgåvene fra 1978/85 og 1930/38.

## 30 års levetid

Internasjonalt reknar ein med at levetida til ei bibelomsetjing er 30 år. Innan den tid må ein difor finne ut om ein vil starte heilt på nytt, med ei ny omsetjing, eller revidere den utgåva ein har. Bibelselskapet valde ein revisjon.

I United Bible Societies reknar dei med at det tek 15 år å fullføre ei ny

omsetjing, medan ein revisjon tek sju og eit halvt år. Difor må ein avgjera i god tid om ein skal omsetja på nytt eller revidere.

I styrevedtaket i Bibelselskapet i 1999 heiter det at omsetjinga frå 1978, med nokre justeringar i 1985, vanlegvis kalla NO 78/85 (NO står for «norsk omsetjing»), «har vist seg å være en kvalitetmessig god oversettelse». Difor var målet med revisjonen «å gjøre en god oversettelse enda bedre».

## Endringar i omsetjingsteorien

Ein la på 70-talet tanken om «dynamisk ekvivalens» til grunn for omsetjinga. Det vil seia at omsetjinga skulle ha same påverknaden på lesaren som originalteksta hadde på dei fyrste lesarane.

Dermed var poenget å finne meiningsa til teksta og deretter å gje att den same meiningsa på mest mogleg normal norsk. Då vart det ikkje så viktig å omsetja dei einskilde orda i grunnteksta «ord for ord» med tilsvarande ord på norsk, men å omsetja «meining for meinings».

Denne metoden, som ofte blir kalla «idiomatisk», gjorde at ein var mindre merksam på dei rike bileta som var knytte til mange bibelske enkeltord. I seinare omsetjingsteori har ein lagt større vekt på å ta vare på slike ord.

## Fire viktige mål

Styret i Bibelselskapet peika i 1999 på fire viktige mål med revisjonen:

Ein ønskete for det fyrste å ta eit steg bort frå den idiomatiske omsetjinga og gå i retning av ei meir «konkordant» omsetjing: «Når en konkordant gjengivelse kan uttrykkes i en naturlig og god norsk språkføring, bør den (...) ikke fravikes. Det finnes i NO 78/85 enkelte eksempler på det som kan sies å være unødvendig ikke-konkordant gjengivelse.»

For det andre ønskete ein å ta vare på metaforane i bibelteksta: «NO 78/85 (kan) sies å ha gått noe langt i avmetaforiserende retning, særleg i poetiske tekster, med det resultat at det semantiske innholdet i en tekst er blitt innsnevret og rikdommen i språket redusert.»

For det tredje ville ein leggje sterke vekt på å få ei korthoggen og pregnant tekst: «En revisjon vil tilstrebe noe sterkere pregnans enn i NO 78/85, som – dette gjelder i første rekke bokmålsutgaven og spesielt oversettelsen av brevlitteraturen – i blant er unødvendig ordrik og «pratsom» i språkføringen.»

For det fjerde skulle ein leggje vekt på rytmen og stilpreget i teksta: «Teksten i NO 78/85 fungerer godt som høytesningstekst. Den kan etter OUs [Oversettelsesutvalgets] mening imidlertid forbedres og gjøres enda mer «tiltalende», i dette ords dobbelte betydning.»

## Tidlegare omsetjingar

Bibelselskapet vart skipa i 1816, og på 1800-talet kom det reviderte utgåver av bibelteksta i 1819, 1830 og 1873. I

desse revisjonane freista ein å fornorske den danske bibelteksta ein hadde valt å bruke som utgangspunkt for ein norsk bibel, Resen-Svanings utgåve frå 1607, revidert i 1647.

I 1904 fekk vi den fyrste heile Bibelen som var omsett frå grunnen av i Noreg. På nynorsk fekk vi ei tilsvarende utgåve i 1921. Bokmålsbibelen vart revidert i 1930 og nynorskbibelen i 1938. Det neste steget i omsetjingshistoria var den såkalla ungdomsomsetjinga av Det nye testamentet, som kom ut på bokmål i 1959 og på nynorsk i 1961. Denne utgåva vart lett nok aldri kyrkjebibel, men det var mange som nyttet henne til å lesa sjølv og i kristeleg arbeid.

Vi ser altså at det aldri har gått meir enn 43 år mellom to nye utgåver av Det nye testamentet frå Bibelselskapet, og dei siste hundre åra har det gått mellom 17 og 29 år frå den eine utgåva til den andre. Dermed er det eit heller langt tidsrom frå 1975 til 2005.

Likevel reagerer mange når det kjem ei ny bibeltekst. I 1904 var det òg mange som reagerte på at ein tok inn ord som *gutt* og *gjeter* i bibelteksta, der det hadde stått *dræng* og *hyrde*. Det er altså ikkje noko nytt at det kjem nye bibelomsetjingar. Det er heller ikkje noko nytt at det blir reaksjonar.

## Ei mindre hjartelaus bibeltekst

Ordet *hjarte* er eit godt døme på at omsetjinga har vorte meir konkordant. I bibelsk språkbruk er hjartet senteret i personen. Det er med hjartet ein tenkjer og tek avgjerder, og det er i hjartet Guds vilje blir openberra. I 1978 la ein vekt på at det er tanken ein nyttar når ein får innsikt i noko. Difor omsette ein *hjarte*

med «tanke» og «sinn» mange stader.

2005-revisjonen ville «re-metaforisere» bibelspråket og hente fram att språklege bilete som hadde vorte borte i den idiomatiske omsetjinga på 1970-talet. Og *hjartet* vart i arbeidet med NT 2005 det ordet ein henta fram att flest stader.

I 1. Kor 2,9 skriv Paulus at Gud har openberra for oss «det som ikkje kom opp i noko menneskehjarte» (NT 2005). I NO 78/85 var dette omsett «det som ikkje kom opp i nokon mennesketanke». Den reviderte omsetjinga har alt-så flytt Guds openberring ein halvmeter ned, frå hjernen til hjartet, og det er nok der ho høyrer heime.

### Ei stuttare bibeltekst

Eit anna mål med revisjonen var sterkeare pregnans – alt-så at færre ord så å seia skulle vera svangre med den same meiningsa.

I 1938-utgåva les vi i Luk 3,3 at Jesus «ropa ut umvendings-dåp til forlating for syndene» – i alt sju ord mot seks i den greske grunnteksta. Den idiomatiske omsetjinga frå 1978/85 nyttar 18 ord til å uttrykkje den same meiningsa: «... forkynnte at folket skulle venna om og la seg døypa, så dei kunne få tilgjeving for syndene sine.» Setninga er tvillaust lettare å skjøna, men ho har samtidig vorte mindre pregnant.

I NT 2005 går ein eit langt steg attende mot den tradisjonelle omsetjinga og skriv: «... forkynnte ein omvendingsdåp som gav tilgjeving for syndene». Med desse åtte orda har ein bytt ut det unorske *til* med det enklare *som gav*, samtidig som setninga har teke vare på pregnansen.

Skuldinga om at bibelteksta var

lang og ordrik i NO 78/85, gjaldt først og fremst bokmålsutgåva. Så er det òg i bokmålsutgåva ein ser den største forskjellen på lengda. I NT 2005 er heile Det nye testamentet 2289 ord stuttare enn i NO 78/85, noko som svarar om lag til lengda på Filipparbrevet.

### Meir poesi

Det grafiske oppsettet har mykje å seia for leseren. Eit sterkt grep som styrer forståinga til leseren, er å setja opp teksta i poetiske liner. I NT 2005 finn vi 517 fleire verseliner enn i NO 78/85.

Nokre døme på tekster som no er sette opp som poesi, er prologen til Johannesevangeliet (Joh 1,1–18), Paulus' bøn i Ef 3,14–21 og orda om den nye himmelen og den nye jorda i Johannes' openberring (Op 21,3–4).

### Ord som har vorte borte

Det hender at folk som gjerne vil ta vare på gamle ord, seier at «i Bibelen må det i alle fall få bli ståande!». Slike utsegner er det vanskeleg å ta på alvor. Bibelen skal vera ei aktuell bok «så lenge verda står», ikkje eit siste rariteteskabinett for utdøyande ord.

Kva for ord har vorte heilt eller delvis borte med NT 2005? Eit raskt oversyn viser at ein i bokmålsutgåva ikkje lenger vil finne *legeme*, *Faderen* (berre i Matt 28,19), *forlate*/*forlatelse* og *kalk*. I staden finn ein *kropp*, *Far*, *tilgi*/*tilgivelse* og *beger*.

I nynorskutgåva er like eins *lekam*, *Faderen*, *forlata*/*forlating* og *kalk* bytte ut med *kropp*, *Far*, *tilgjeva*/*tilgjeving* og *beger*. I tillegg vil ein leite fafengt etter gamle bibelord som *kyrkjelyd* og *læresvein*. I staden har *forsamling* og *disippel* kome inn.

I mange tilfelle kan ein velja mellom eit tradisjonelt nynorskord og eit anna ord som er meir brukt i dag. Nokre slike ordpar er *attende* og *tilbake*, *korkje* og *verken*, *von* og *háp*. Her har ein valt å følgje Ole Brumm, som seier «ja takk, begge delar!». Begge blir brukte, men ein vel det som er meir i bruk, i tre av fire høve.

### Har ein laga nye ord?

Både *kyrkjelyd*, *læresvein* og *stemnestove* (i dag *synagoge*) er ord som kom inn i bibelspråket i siste halvdelen av 1800-talet, så det er ein viss tradisjon for leksikalske nyskapinger i nye bibelutgåver. I NT 2005 er det berre eitt heilt nytt ord, og det står i nynorskutgåva: *eigesjuke*.

*Eigesjuke* kjem i staden for *havesykje* og er ei omsetjing av det greske ordet *pleoneksía*. Dette ordet tyder «det å ha meir» og skildrar ei haldning der ein alltid er ute etter å eige meir. Bokmålsordet *pengebegjær* innsnevnar meinингa til berre å dreie seg om pengar. I bokmålsutgåva har ein no i staden valt ordet *grádighet*.

### Språk og kjønn

Somme løysingar prøvde ein i 1978 ut berre i nokre få tekster. Dette gjeld det greske ordet *adelfoi*, som i norske bøker har vore omsett med «brør» og

«brødre». På gresk finst det ikkje noko felles ord for «brør og systrar», slik som vårt *sysken*. Difor brukte Paulus hankjønnsforma *adelfoi* når han ville tiltala ei forsamling som heilskap – både kvinner og menn.

Eit godt døme er Fil 4,1, der Paulus opnar kapitlet slik i NO 78/85: «Difor, mine *brør* som eg elskar ...». Så held han fram i vers 2 med å formane to kvinner, Evodia og Syntyke, til å semjast. Dei to kvinnene var òg rekna med i tiltalen «brør». Tidlegare har nok kvinner skjøna at dei òg er rekna med i maskuline tiltaleord, men på dette området har mykje endra seg på få år, og i NT 2005 opnar Fil 4,1 med «Difor, mine *sysken* ...».

I NO 78/78 skreiv ein *sysken* fem stader der det var innlysande at kvinner var inkluderte i tiltalen: «Elska kvar andre inderleg som *sysken*.» (Rom 12, 10). I verdssamanheng var NO 78/85 ei av dei aller fyrste omsetjingane som omsette *adelfoi* på denne måten.

Omsetjinga *sysken* finn ein i NT 2005 noko over 100 stader, mest i tiltaler som i Fil 4,1. Vi kan tenkje som så at vi er heldige som har eit så fint ord som *sysken*. Ja, er det ikkje nett eit slikt ord Paulus må ha sete og leitt etter, der han sat i fangeholet og skreiv? Eg trur det.

# Åtte potter rømme, fire merker smør

## Om gammalt mål og gammal vekt

---

VELLE ESPELAND

---

**E**IT DUSIN er 12, men kor mange skal det til før det blir ein heil *skokk*, og kor mykje er eigentleg eit lite grann?

I 1875 slutta Noreg seg til meterkonvensjonen, ein konvensjon om å innføre metersystemet, som byggjer på einingane *meter*, *kilogram* og *liter*. Då fekk vi det systemet for mål og vekt som vi har i dag. Dermed var det slutt på *pund* og *mark*, *pott* og *pel*, *fot* og *alen*. Meteren vart mælestav og grunnlaget for både *lengdemål*, *volum* og *vekt*. Ein kubikkdesimeter utgjer ein liter, og fyller du kubikkdesimetroen med vatn som held 4 °C, blir det eit kilogram. Det metriske systemet slo raskt igjennom, takk vere at det er så praktisk og logisk, men likevel har ei lang rekke omgrep frå det gamle systemet overlevd.

### Mil og rast

La oss starte med dei lange avstandane. *Mil* kjem av det latinske ordet *milia*, som betyr «tusen». Eigentleg er det ei forkorting for *milia passuum*, som betyr «tusen skritt». I boka om gall-arkrigen opplyser Caesar nøyaktig kor mange mil hæren hans gjekk kvar dag. Ei gruppe soldatar hadde i oppdrag å måle vegen ved å telje skritta. Den gamle romerske mila var omrent 1,47 kilometer, men det betyr ei skritt lengd på nesten halvannan meter. Forklaringa er at dei gamle romarane rekna i

dobbeltskritt. Det vil seie at dei berre talde kvar gong dei sette ned høgrefoten. Dermed blir det ei skritt lengd på ca. 70 cm, og det er eit normalt skritt for ein voksen mann. I Noreg har vi bevart ordet *mil*, men bruker det for heile 10 kilometer. Grunnen er at det har vorte blanda saman med *rast*, eit eldre norsk ord for «eit langt vegstykke». *Rast* kjem av den same rota som á *raste* «à ta ein kvil», og er den lengda ein kan gå før ein må kvile.

*Ei rast* kunne altså variere etter lendet. Eigentleg er det ein fornuftig måte á dele inn vegen på. Ein kilometer i tung motbakke er subjektivt mykje lengre enn ein kilometer på flat mark. I mellomalderen vart vegen mellom Oslo og Eidsvoll rekna for 8 raster. Det skulle gje ei gjennomsnittsrast på omrent 9 kilometer. I Finnmark møter vi den same tankegangen når dei kan oppgje kor mange *kaffikok* ei vegstrekning er, og på karta til Turistforeininga er lengda på ein stig oppgjeven i timer.

Det er forresten berre i Noreg og Sverige vi bruker *mil* om 10 kilometer. Det kjem av at den gamle norske mila hadde vorte standardisert til 36 000 fot, og det blir omrent 11,3 kilometer, mens den svenske mila var omrent 10,7. I Danmark var mila berre på litt over sju og ein halv kilometer, men der er heller ikkje ordet i bruk lenger.

På sjøen hadde ein naturlegvis andre mål. Eit slikt var *vike sjø*, på gamalnorsk *vikja sjóvar*, som var den lengda ein rodde mellom kvart roskift. På same måten som *rast* vart brukt både om veglengda og kvilestunda, vart *vike* også brukt både om lengda og sjølve roskiftet.

### Alen og tommar

Skal ein bygge eit hus eller ein båt, treng ein heilt andre måleiningar enn når ein skal måle veg. Og det er slett ikkje sjølv sagt at målesystema treng å ha samanheng med kvarandre. Til byggearbeid har folk over heile jorda brukte dei måla ein ber med seg på kroppen: Ei *alen* er avstanden frå olbogen til tuppen på langfingeren, ein *fot* er naturlegvis lengda på foten, og ein *tomme* er breidda på tommelfingeren ved naglerota. Dessutan hadde vi måla *spann*, som er lengda mellom tuppen på tommelen og veslefingeren når ein spriker med fingrane, og *famn*, som er lengda mellom fingertuppene når du strekker armane rett ut til sidene. Når det var behov for finjustering, var det inga sak å dele tommen på to, fire eller åtte berre med augemål.

Eit menneske er ikkje så perfekt skapt at lengda på foten eller olbogemålet går opp i breidda på tommelfingeren. Dette treng ikkje skape problem så lenge ein mann arbeider áleine eller byggmeisteren sjølv er den som tek alle måla, men likevel har det tidleg i historia vore gjort forsøk på å skape standardmål med ei fast inndeling. Ei alen på ein voksen mann vil vere omkring 47 cm, noko som svarer til ca. 18 tommar. Men i eldre tid har det også vore vanleg å dele ei alen i 20

tommar. Dei som málte lerret eller vadmal, brukte eit alenmål med eit handtak for enden. Når ein skulle måle, greip ein om handtaket og sette tommelen ned på tøyet for å halde det fast, og så flytta ein tommelen framom det punktet som vart markert. På denne måten fekk ein eit mål som var ein tomme lengre enn alenstikka. Dette målet vart kalla *tommalen*.

Måleininga *fot* var lite brukt i Noreg, men i 1824 vart ein norsk fot fastsett til tolv tommar eller 31,37 cm. Dette var litt lengre enn den amerikanske *foot*, som er på 30,48 cm. Den svenske foten var enda mindre, berre 29,69 cm. Men om du kjøper ein norsk- eller svenskprodusert «tommestokk» nå, får du amerikanske tommar.

### Mål på jord

Når ein gard skal vurderast, er naturlegvis kvaliteten på jorda viktigare enn den eksakte storleiken i konkrete tal. Åker kunne bli målt etter mengda av såkorn som trøngst, eller kor mye avling det kunne bli, ein kunne snakke om så og så mange *tonner* land. Men jorda kunne også bli delt opp i *mål* (av same rot som å måle) oppmålt med ei *stong*. Stonglengda, og dermed målet, har variert mykje i dei ulike delane av landet. Ei gammal kjelde frå Toten gjev ulik storleik på *kornmål*, *rugmål*, *høymål* og *ertemål*. Kornmålet er minst, mens ertemålet er det største.

### Pund og mark

Når det gjeld mål for volum og vekt, blir det straks meir innfløkt. Her finst det få naturlege einingar, og går vi nokre hundreår tilbake, varierer måleiningane mykje, ikkje berre frå land

til land, men nesten kvar by og kvart distrikt hadde sitt eige vektsystem. Standardiserte vektlodd har først og fremst vore viktig for handel og ved betaling av skatt i naturalia, dessutan i vitskapeleg sammanheng.

Dei eldste vektene vi kjenner frå arkeologiske funn, er små skålvekter. Dei har sikkert vore brukte til å vege edelmetall, gull og sølv. Det er også typisk at dei eldste vekteiningane blir brukte som namn på myntar: *pund*, *mark*, *øre* og *penning*. Den eldste av dei er nok øre, som har fått namn etter den romerske gullmynten aureus. I folkevandringstida vog den norske øyren 27 gram og var dermed ikkje nokon liten skiljemynt. Ein øre gull må ha vore ein heil formue.

Bismarvekta var den vanlegaste vekta i Noreg. Ho var mykje enklare å lage enn skålvekta. Bismarvekta var ei stong med eit fast lodd i eine enden og ein krok i den andre. Det som skulle vegast, vart hengt i kroken, og så avgjorde ein vekta ved å finne balansepunktet ved hjelp av handtaket. På stonga var det merke som viste kor mange merker (fleirtal av *ei mark*) vara vog. Hokjønnsordet *ei mark*, med fleirtalsforma *merker*, og inkjekønnsordet eit *merke* er naturlegvis samrøtte ord, og mynteininga *mark* var opphavleg ei mark sylv, men minka raskt ettersom myntherane trong meir pengar enn dei hadde sylv til.

Dei viktigaste vekteiningane var *pund* og *mark*. *Pund* kjem av det latinske ordet *pondus*, som betyr «vekt» eller «vektlodd». Ei mark var eit halvt pund. Det var greitt, men pundet kunne variere mykje frå stad til stad. I 1875 var det norske pundet standardisert til

498 gram. Det danske hadde heilt sidan 1839 vore ein halv kilo, mens det svenske var berre 425 gram. For å skilje det svenske frå det danske og norske vart det svenske ofte kalla *skålpond*, men dessverre vart nemninga *skålpond* også brukt om norske pund, for å skilje det frå det tyngre bismarpundet. Andre europeiske pund hadde anna vekt: i Preussen 468 gram, Bayern 560 gram, Austerrike 561 gram og England 454 gram. Det er dette engelske pundet amerikanarane bruker ennå. Desse tala gjeld vel å merke *handelsvekt*. I tillegg hadde ein pengevekt og medisinalvekt, som hadde si eiga inndeling. Pengevekt vart brukt når ein skulle vege sylv eller gull, og da stod pundet i 468 gram. Medisinalvekt vart brukt på apoteka.

Inndelinga av pundet var eit forsøk på å koordinere ei rekke gamle vekteininger og verkar svært innvikla og upraktisk. Når ein dertil veit at mange vareslag hadde sine eigne vekteininger, blir det ikkje lett å få oversikt. Men her er i alle fall inndelinga av det norske pundet slik det var ved overgangen til det metriske systemet i 1875: *Pundet* på 498 gram kunne delast i to *merker*. (*Merker* er fleirtal av *mark*.) Ei *mark* tilsvarte altså om lag ein kvart kilo. Ei *mark* kunne delast i 16 *lodd*, som dermed blir 16 gram, og kvart lodd kunne delast i 4 *kvintin*. Dermed er vi nede på om lag 4 gram. Mindre eininger enn *det* var det få som hadde bruk for, men likevel kunne ein *kvintin* delast i 4 *ort*, ei nemning frå pengevektsystemet, som på si side kunne delast i 16 *æs*, som vidare kunne delast i 16 *gran*. Eit *gran* er altså på 3,8 milligram, og det går 131 072 *gran* på eit

pund. Ordet *gran* kjem sikkert av latin *granum*, som betyr «korn». Som eg nemnde, var pundloddet lettare i pengevekt, og eit gran på denne skalaen blir berre 3,6 milligram. Apotekarane, som brukte medisinalvekt, opererte med såkalla nürenberggran, som vog heile 62 milligram og var 1/20 av ein *scrupel*.

### Bismarpund og våg

Ved handel var det også behov for større måleiningar enn pundet. 12 pund kunne bli kalla *bismarpund*, som tilsvarer om lag 6 kilo. Ordet *lispund* skal vere ei forkorting av *livlandsk pund*, eit slikt pund dei brukte i Riga. Det norske lispendet var på 16 pund, altså om lag 8 kilo. For å illustrere vanskane for internasjonal handel kan vi nemne at det svenske lispendet var på 20 pund, men sidan det svenske pundet berre var på ca. 425 gram, vart det svenske lispendet likevel berre ein halv kilo tyngre enn det norske. Eit *skippund*, ei vekteneining som særlig vart brukt om skipslast, var også varierende, men i Noreg var det vanlegvis rekna som 20 lispend eller 320 pund. Omrekna til metrisk vekt blir det oppunder 160 kilo.

Mange varer hadde eigne mål. Smør var ei viktig handelsvare, og normalmålet for smør var ein *laup*. Smørlaupen vart rekna til tre bismarpund, som svarer til om lag 18 kilo.

Våg er ei gammal eining som har variert ein del. På Vestlandet og i Nord-Noreg vart *våg* helst brukt når dei skulle vege fisk. Da var våga rekna til 90 merker, som blir om lag 23 kilo. På Austlandet var våga ein åttedel av eit *skippund*, som blir om lag 20 kilo, men i dei offisielle tabellane frå 1875 vart våga rekna som tre bismarpund,

om lag 18 kilo.

I eventyret om den kjempesterke Mumle Gåsegg blir det fortalt at han fekk smeden til å lage ei øks av 15 våger jern. Det skulle bli oppunder 300 kilo, retteleg ei øks for ein kjempekar.

### Pott og pel

Mål for *volum*, holmål, var ikkje meir strukturerte enn mål for vekt, men det er færre einingar å halde greie på. *Pott* og *pel* var dei viktigaste. Også her gjaldt det at måla varierte frå distrikt til distrikt, dessutan hadde ølbryggjarane eit anna pelmål enn vintapparane.

I 1875 var den norske *pott* på 0,9651 liter. Den danske potten var omtrent det same, men i Frankrike hadde dei hatt ein pott på heile 1,8 liter, og i fransktalande område i Sveits var han på 1,5 liter. Kjerringa med staven, høgt oppi Hakadalen, hadde åtte potter rømme, og av det fekk ho fire merker smør. Eg veit ikkje nok om feittinhaldet i mjølka på 1800-talet, men eg vil tru at ein kilo smør av åtte liter rømme var imponerande. Ein pott kan også kallast *ei halvkanne*, og det fortel oss at ei kanne som målebeger var på ca. to liter.

Ein *pel* var ein kvart pott og tilsvarer i praksis ein kvart liter. Ordet *pel* skal opphavleg ha vore brukt om merke på innsida av eit kar, men har så komme til å bety mengda av væske mellom desse merka. Eit gammalt uttrykk *å drikke til pels* betyr at kvar drikk ned til neste merke, og dermed får like mykje.

Ei *skjeppe* var 18 potter eller ein åttedel av ei tønne. Målet skjeppe har i nyare tid også vore brukt for å måle fisk, men da vart det rekna som ein femdel av ein hektoliter, altså 20 liter.

Når det galdt sild og brisling, var likevel skjeppa rekna som 17 liter.

### Sneis og skokk

I vår tid skal nesten alle handelsvarer på vekta, men i gamle dagar vart langt fleire varer selde stykkevis. Minne om dette har vi i ein del mengdeord. Sjølv om egg nå blir selde i pakker på seks, er det mange som veit at eit *sneis* er tjue egg. Ordet betyddde opphavleg 'tynn kvist eller grein'. På ein kornstaur var det vanleg å setje tjue nek, og det vart eit *sneis nek*. Trær du fisk inn på ein kvist, får du ei *hank* eller eit *sneis fisk*. Tre sneis er *ein skokk*, men nå blir dette ordet berre brukt om ei noko

uspesifisert mengd.

Opphavleg var meteren definert som ein titusendel av ein meridian frå pol til ekvator langs havoverflata. Definisjonen har vorte endra fleire gonger, men den som no gjeld, seier at ein meter er den avstanden lyset går på ein 299 792 458-del av eit sekund i tomt rom. Dermed er metersystemet også vorte knytt til tidsrekninga. Den gamle definisjonen med jordmeridianen var nok teoretisk, men likevel forståeleg. Den nye kan vi akseptere, men ikkje forstå. Meteren er utan referanse til noko menneskeleg og er komen så langt frå dei gamle måla *rast*, *alen* og *tomme* som det går an.

---

## Bokmålsordboka og Nynorskordboka i nye utgåver

Bokmålsordboka og Nynorskordboka ligg føre i nye, oppdaterte utgåver. I begge ordbökene er rettskrivinga ajourført fram til 1. juli 2005.

Bokmålsordboka kom med den tredje utgåva i 2005 med rettskrivinga ajourført etter rettskrivningsreforma for bokmål frå 1. juli 2005.

Nynorskordboka kom med den fjerde utgåva i august 2006, også den

med ajourført rettskriving per 1. juli 2005, men for nynorsk er det mindre endringar. Begge ordbökene har med aktuelle nyord. Døme på nye ord som finst i begge ordbökene, er *fristille*, *blogg*, *friskole* og *kols*.

Ordbökene er utarbeidde ved Universitetet i Oslo i samarbeid med Språkrådet. Dei er til salgs i bokhandlane.

## Hol- og England

Derimod havde jeg den Fornielse, at se og tale med en og anden god Mand der paa Stedet og maatte forundre mig over at finde Staden Kristiania i de 29 Aar siden jeg sidst saa den, efter udvortes Anseelse mærkelig omskiftet til sin Fordel, saavel hvad skjonne Bygninger, som Hauger [hager] angik. Sær-

deles havde man nu i Forstæderne god Forraad paa allehaande Hauge-Vexter, som fordum førtes herhen fra Hol- og England i den Mening, at de her ikke kunde voxe, hvilket Forfarenhed lærer at være ganske anderledes.  
Fra biskop Erik Pontoppidans reiseberetning 1749

# «Til din informasjon»

## Om e-postkopier i arbeidslivet

---

KARIANNE SKOVHOLT

---

DE SISTE TO ÅRENE har jeg jobbet som stipendiat i et tverrfaglig forskningsprosjekt som vil finne ut hvilken kompetanse (eller – som det heter i fagliteraturen – «digital literacy») som utfoldes og utvikles i digitale medier. Prosjektet bærer (den nokså utilgjengelige) tittelen «Literacy og konvergerende medier. Ulike former for semiotisk mediert samhandling», og er et samarbeid mellom Pedagogisk forskningsinstitutt, Institutt for litteratur og lingvistiske fag, Universitetet i Oslo og Institutt for kommunikasjon, kultur og språk, Handelshøyskolen BI. Mens de andre deltakerne i prosjektet studerer kommunikasjon i digitale spill og politiske blogger, handler mitt prosjekt spesielt om hvordan e-post brukes som kommunikasjonsverktøy i arbeidslivet.

Jeg har studert e-postinteraksjon i prosjektgruppa *Agenda*, i det norske selskapet Telecom. Agenda har ansvar for at alle brevene fra Telecom til kundene i det private markedet er skrevet i en konsekvent, tydelig og høflig språkform. Derfor dreier mesteparten av e-postene i denne gruppa seg om å redigere og språkvaske kundebrev. I min analyse av Agendas e-poster er jeg først og fremst interessert i å beskrive de interaksjonsnormene som denne gruppa i felleskap etablerer og orienterer seg etter. Jeg antar at interaksjons-

normene utvikler seg over tid og i stor grad overføres fra allerede etablerte muntlige og skriftlige kommunikasjonsformer, og kanskje særlig fra samtalen. På samme måte som det finnes etablerte normer for å samtale, er vi nå på vei til å etablere normer for e-postinteraksjon.

Etter å ha lest over 700 e-poster fra Agenda har jeg funnet ut at det mest oppsiktsvekkende med bruken av e-post ikke er forkortelser og smilefjes, som mange språkinteresserte er oppatt av, men den omfattende kopieringspraksisen. Å sende kopier av brev for å informere involverte parter er noe vi kjenner fra formell korrespondanse i arbeidslivet. Men når fenomenet er blitt en etablert praksis i den daglige e-postkommunikasjonen på en arbeidsplass, har den fått en helt ny betydning. I denne artikkelen skal jeg vise hvordan deltakerne i prosjektgruppa Agenda sender kopier for å rangere mottakere, for å informere, invitere til deltakelse, søke støtte hos eller legge press på mottakerne. Et sentralt spørsmål er om det er så uskyldig å sende en kopi som det kan se ut som.

### Rangering av mottakere

Mange som bruker e-post i arbeidet, er enige om at det kommer mengder av

e-post med uklar relevans. I dette avsnittet skal vi se hvordan deltakerne i Agenda signaliserer e-postens relevans ved å rangere hverandre i adressefeltet som primære og sekundære mottakere. *Primære mottakere* er mottakere som har fått adressen sin i «Til»-feltet. Det er (ideelt sett) de vi regner med at e-postens innhold har høyest relevans for. *Sekundære mottakere* er mottakere i «Kopi»-feltet. Vi regner (ideelt sett) med at e-posten har lavere relevans for disse mottakerne.

For å forstå de komplekse deltakerstrukturene i e-postinteraksjon kan vi sammenlikne kommunikasjonen i e-post med den i en samtale. Når deltakerne i Agenda sender en e-post til flere mottakere, åpnes det et samtaleroom som mottakerne direkte eller indirekte inviteres til å delta i. Som i en samtale mellom to eller flere personer vil *deltakerrollene* ofte veksle mellom *taler* (den som fører ordet), *adressater* (de som blir eller kunne ha blitt tiltalt med navn), *deltakere* (synlige lyttere som tåleren antar er med i samtalen, men som ikke direkte er adressater) og *overhørere* (lyttere som det ikke er meningen skal delta i språkhandlingen):

(1)  
**Fra:** Myhre Line  
**Til:** Hansen Birgitte  
**Kopi:** Strand Tore,  
Skovholt Karianne  
**Emne:** test/mailboksen vår

Hei birgitte - vil bare se om du er syk, email har blitt liggende på mailboksen vår og etter PR runden blir det mer henvendelser til denne; Tore har du mulighet til å avlaste,

Birgitte? På forhånd takk for hjelpen

I eksempel 1 er Agenda-deltakerne Birgitte Hansen primær- og Tore Strand sekundærmottaker. Line Myhre er Agendas leder. Som vi ser, kan e-postdeltakerne rangeres som primære og sekundære mottakere samtidig som deltakerrollene i selve teksten kan veksle mellom *adressat* og *deltaker* i én og samme e-post. Det interessante her er at deltakerne i e-postinteraksjon overfører kommunikasjonsstrategier (som det å utpeke talere) fra samtalen. I det følgende skal vi se hvordan e-postkopier først og fremst brukes til å informere mottakere. Samtidig skal vi vise hvordan det å sende kopier til flere mottakere også kan brukes strategisk i arbeidet.

### Informere og dokumentere

Ved siden av å rangere mottakere er *det å informere* den viktigste funksjonen til en e-postkopi. I prosjektgruppa Agenda sender deltakerne kopier til hverandre for å orientere om prosjeksjonen til de ulike arbeidsoppgavene og for å holde relevante deltakere orientert om retningslinjene i arbeidet. Å sende kopier til relevante mottakere er dermed en effektiv måte å dele kunnskap på.

I tillegg til den rent informative funksjonen en e-postkopi har, kan den i ettertid tjene til å dokumentere at en oppgave er utført. Fordi e-postene lagres i innboksen (e-postarkivet) over lengre tid, utgjør de en ressurs som inneholder organisasjonens historikk. E-postarkivet hjelper arbeidstakerne både til å holde orden på arbeidsoppgaver som er under utvikling, og til å huske avtaler. Vi kan derfor si at e-

postarkivet fungerer som organisasjonens «kollektive hukommelse». En slik lagring av skriftlig samhandling fører til at vi i større grad enn i ansikt-til-ansikt-samtaler kan bli stilt til regnskap for språkhandlingene våre. Fordi samtalene er flyktig, kan det være vanskelig å bevise løfter, beslutninger og andre språkhandlinger. Lagringskapasiteten i e-postprogrammer setter både ledere og arbeidstakere i stand til å dokumentere det de har oppfattet som et løfte eller en beslutning. Deltakerne kan lagre andres meldinger i sitt e-postarkiv som bevis eller dokumenter som avsenderen, for eksempel i en konfliktsituasjon, kan stilles til ansvar for. At en e-post lett kan offentliggjøres, er dessuten noe som indirekte kan tvinge deltakerne til å samhandle i en språkform som svarer til det som er sosialt akseptabelt. Å synliggjøre andres e-poster ved å sende ut kopier kan (som vi skal se eksempel på nedenfor) derfor gi både ledere og undersætter muligheten til å utøve makt.

### Deltakelse og konflikt

Det som kanskje gjør det så populært å sende e-postkopier i arbeidslivet, er at man indirekte kan invitere medarbeiderne sine til å delta, for eksempel i utforming av en tekst. Å sende kopier til andre kan være en måte å be om tilbakemelding på som ikke legger press på mottakeren, enten det gjelder å få støtte i en sak, få ros for en utført oppgave eller få kommentarer til et tekstmøte. En e-postkopi krever ikke nødvendigvis et svar, men gir mottakere *muligheten* til å komme med innspill. Slik kan det å sende kopier bidra

til at flere kan delta i et samarbeid, samtidig som det kan etablere nye eller utvide allerede eksisterende nettverk.

Som vi skal se i neste eksempel, kan en kopi støtte mer strategiske interesser. Ved å sende kopier til viktige støttespillere kan deltakere søke støtte, eller «sanke stemmer», ved interesse-motsetninger og beslutningsprosesser. I forkant av eksempel 3 har Line Myhre sendt en e-post til sin overordnede, Arvid Lervik, for å informere han om det siste møtet i prosjektgruppa Agenda. Hun forteller at tekstmøtet har fått i oppgave å revidere et såkalt ABS-brev. Line Myhre sender kopi til Eva Engseth, Elisabeth Eide og Maria Monsen. Fem dager senere får hun følgende respons fra Elisabeth Eide, som jobber i selskapets Internett-avdeling:

(2)

-----Opprinnelig melding-----

**Fra:** Engseth Eva (Telecom)  
**Sendt:** 23. november 2004 09:20  
**Til:** Myhre Line (Telecom)  
**Emne:** SV: Agendumøte idag - abs brev (Intern)

Hva er dette Line? Dersom dette skal prioritertes ift. 30% bruk hos Maria så må du spille inn hele saken med en brief ift. Aktivitet, formål, estimert tidsbehov, når det ønskes igangsatt, ansvarlig for aktiviteten, målgruppe, budskap og evt. andre kommunikasjoner slik at vi kan vurdert dette opp mot andre ting ift. en prioritering. Per i dag så er Maria fullbooket nesten ut jul med oppgaver fra Internett og vi trenger mer kapasitet utover dette. Jeg har derfor begynt å se på mulig-

het for å knytte til oss en ekstern tekstforfatter, men inntil dette er på plass så må vi som et alternativ bruke eksternt byrå når dette er nødvendig.

Eva

Som vi ser av eksempel 2, henvender Engseth seg til Myhre uten å sende kopier til andre mottakere. I den etterfølgende responsen sender Line Myhre igjen kopier til Agenda-medlemmene. Samtidig kommer det tydelig fram at Line Myhre og Eva Engseth har motstridende interesser med hensyn til bruk av Marias arbeidskapasitet:

(3)

-----Opprinnelig melding-----

**Fra:** Myhre Line (Telecom)  
**Sendt:** 23. november 2004 10:04  
**Til:** Engseth Eva (Telecom)  
**Kopi:** Lervik Arvid (Telecom);  
Karianne Skovholt (E-post);  
Monsen Maria (Telecom);  
Eide Elisabeth (Telecom)  
**Emne:** SV:Agendumøte idag  
- abs brev (Intern)

Hei Eva! takk for respons, men etter min mening noe omfattende. Abs er ett brev som trenger en noe bedre ordlyd. Som du så i forrige mail er dette et brev som går ut fra Internett og IKKE et bekreftelsesbrev. Arvid ønsker å prioritere dette høyt på vegne av Telecom da vi har høy badwill på dette området. (ref VG artikkel i forrige uke.)

**Maria**, kan du estimere hva dette vil ta av tid?

På forhånd takk for hjelpen på veg-

ne av abs-gruppen i Internett.  
mvh Line

Ved å kopiere inn sine medarbeidere i svaret til Eva Engseth i eksempel 3 og samtidig inkludere Engseths forrige e-post (eksempel 2) viser Line Myhre alle mottakerne Eva Engseths e-post. Når Line Myhre samtidig karakteriserer Eva Engseths reaksjon som urimelig («noe omfattende»), blir de innkopierte mottakerne vitner til Engseths overreaksjon. Å fremvise Eva Engseths e-post som «noe omfattende» kan være en måte å utøve et institusjonelt press på Engseth på. Ved å vise at hun ikke bare har medlemmene i Agenda i ryggen, men også informasjonsdirektøren Arvid Lervik («Arvid ønsker å prioritere dette høyt»), styrker Line Myhre sin autoritet ytterligere. Ved å vise fram mektige støttespillere i kopifeltet kan avsenderen styrke sin autoritet. Deltakerne i kopifeltet får også en vitnefunksjon, noe som kan bidra til å skjerpe partenes selvsensur.

### **Synliggjøring**

Kopi- og videresendingspraksisen i arbeidslivet bidrar til å synliggjøre en god del av kommunikasjonen på en arbeidsplass. Arbeidstakere blir informert om arbeidsprosessene, samtidig som de får muligheten til å komme med innspill i konkrete saker. Når man kopierer inn mottakere, informeres ikke bare de innkopierte mottakerne om de språkhandlingene som fremføres for den primære mottakeren, men også om *hvordan* språkhandlingen blir fremført. Det stilistiske registeret i en e-post kan generelt røpe mye om de sosiale relasjonene mellom arbeidstakere og/eller

mellan arbeidstakere og leder.

Når man kopierer inn mottakere, utfører man språkhandlinger mot både primære og sekundære mottakere. På den ene siden er e-posten rettet mot den primære mottakeren, på den andre siden kan den være, indirekte, rettet mot de innkopierte mottakerne og fremkalle respons fra dem. Hvis avsenderen i en e-post ikke eksplisitt angir e-postens relevans for de innkopierte mottakerne, inviteres de indirekte til å forme egne hypoteser om innholdet og selv tolke hensikten med meldingen. På denne måten kan avsenderen invitere de innkopierte til å trekke visse slutninger, men selv skjule seg bak at hun *kun* informerer. Det er nettopp dette aspektet ved kopieringen som gjør det så komplekst, og som gjør at de sosiale relasjonene lett kan bli satt på spill.

Som vi har sett i denne artikkelen, finnes det etablerte normer for e-post-

interaksjon. Å kopiere inn mottakere er en etablert praksis. Vi har på den ene siden sett at e-postkopier kan brukes demokratisk. Deltakere kan kopiere inn hverandre for å skape nettverk, dele kunnskap og løse oppgaver på tvers av geografisk og organisatorisk tilhørighet. På den andre siden har vi også sett at kopieringspraksisen kan brukes mer strategisk. Avsendere kan kopiere inn sterke støttespillere for å gi tyngde til egne beslutninger. Et spørsmål er i hvilken grad e-postmediet bidrar til å utøve mer press og sosial kontroll på en arbeidsplass, eller om det snarere muliggjør åpen samhandling etter demokratiske prinsipper. Kanskje er det her som med all kommunikasjonsteknologi: Det er ikke mediet alene som avgjør hvordan vi handler, men hvordan menneskene bak velger å anvende mediet.

---

## Rapport fra Nordterm 2005

Konferanserapporten fra Nordterm 2005 kom i september. Den inneholder alle foredragene på Nordterm-konferansen «Ord og termer», som ble arrangert 9.–11. juni 2005 i Reykjavík. Rapporten er skrevet på norsk, svensk og dansk. Foredragene tok for seg såpass ulike temaer som begrepssystemer innenfor regnskap, ord og termer i lovtekster og terminologi innenfor helse og

omsorg. Videre var det flere foredrag om EU-termbanken IATE, og representantene fra alle de nordiske landene rapporterte fra terminologiarbeidet i sitt land i perioden 2003–2005.

Rapporten som koster 195 svenske kroner, kan bestilles fra: Stofnun Árna Magnússonar í íslenskum fræðum, Nordhaga 16, 2. hæð, 107 Reykjavík, Island.

# Altona og andre importerte stadnamn

---

BOTOLV HELLELAND

---

**A**V DEI KANSKJE fire–fem millionane stadnamn som ein kan rekna med finst, eller har funnest, i Noreg, er det ein namnetype som mange sikkert har stussa ved, nemleg namn som *Altona*, *Frankrik* og *Jeriko*. Når ein møter skilt med slike namn, kunne ein tru ein var heilt på avvegar. Men her i landet har me faktisk ei nokså stor gruppe stadnamn som er oppkallingar etter land, landskap og byar utanfor Noreg. Dei nordiske landa og Tyskland ser ut til å vera sterkest representerte, elles er heile Europa og Nord-Amerika godt til stades i det norske stadnamnlandskapet, ja truleg finn ein namn frå alle kontinent. Bak oppkallingane ligg det ulike opphav, og ofte er det vanskeleg å finna fram til motivet for dei. I alle fall viser desse namna at nordmenn har vore kjende med verda utanfor, og på ein måte kan ein sjå dei som eit uttrykk for tidleg internasjonalisering. Så vidt eg veit, har ikkje denne namnetypen vore utgreidd i nokon større mon, så ei systematisk registrering og granskning av materialet er ynskjeleg. Denne artikkelen er berre ein smaksprøve på eit tema som har mange interessante ingrediensar.

Eg kjem ikkje her inn på dei mange namna med eit utanlandsk namn som forledd, t.d. *Danmarks plass* og *Rostocker-gata*. Eg kjem heller ikkje inn på inn-

førte namnemønster av typen *Frydenlund*, *Marienlyst*, *Blommenholm* og *Rosenborg* eller dei moderne *City*, *Downtown* og andre som til dels er laga etter mønster av utanlandske stadnamn.

Ikkje alle namn som ved fyrste augnекast synest høyra til denne kategorien, er lán utanfrå; t.d. er *Eng(e)land* ofte ei vanleg norsk namnelaging samansett av *eng* + *land*. *Skotland* er som regel laga til *skot* «framspring» + *land*. Men dersom desse namna har einstavings tonelag, er det ein indikasjon på at desse landa i vest er oppkalla. Mønsteret for *Vittenberg*, som finst fleire stader, ligg utvilsamt i det kjende tyske bynamnet *Wittenberg*, der Luther i 1517 slo opp dei 95 tesane sine på kyrkjedøra, men lokale tilhøve kan ha vore med på å motivera namnet. *Vittenberg* i Trøgstad meiner Kåre Hoel er gjeve med bakgrunn i kvitaktige flekker i berget, sjølv om namneforma har mønster i det tyske bynamnet. Det tyder at folk har oppfatta fyrsteleddet i *Witten-* som adjektivet *kvit*. Eit typisk norsk namn som *Århus* har som regel ikkje noko med det jyske bynamnet å gjera (der sisteleddet er ei omlaging av (elve)os), sjølv om den som gav dette namnet, kan ha tenkt i den lei. For *Ålborg* i Eidsvoll, skriftfest alt i 1320 i forma *Alaborg*, dreg Oluf Rygh inn det danske bynamnet som ein mogeleg modell,

ettersom denne byen tidleg hadde kontakt med Noreg. Fyrsteleddet i det danske namnet er ål «fure, vassrenne».

### Kjelder

Det ligg ikkje føre noko samla oversyn over dei utanlandske stadnamnlåna. Ein må såleis leita i ulike kjelder, og dermed vil resultatet verta noko tilfeldig. Ein møter ein god del av dei på vegskilt rundt om i landet, og endå fleire på kart, særleg om ein går inn på Økonomisk kartverk. På Internett kan ein søkja etter einskildnamn i det sentrale stadnamnregisteret til Statens kartverk (*Norgesglasset*). På Internett kan ein også søkja i Oluf Ryghs *Norske Gaardnavn* (NG), eit verk som er særleg nyttig fordi ein der finn uttaleopplysningar og stundom kommentarar. Dei utkomne banda av Kåre Hoels *Bustadnavn i Østfold* (BØ) har ein god del oppkallingsnamn som ikkje er oppførte i NG for dei tilsvarande kommunane, og med meir utførlege forklaringar. Flest namn av denne typen finn ein likevel i *Matrikkelutkastet av 1950*, der ein kan søkja gjennom alle gardsnamn, bruksnamn og tomtynamn som var registrerte fram til ca. 1950. Nokre fleire namn finn ein spreitt i hovudoppgåver og andre stadnamnarbeid, og i setelsamlingane til namnearkiva. Der som ein tek for seg eit oversyn over kristelege forsamlingshus, vil ein møta særleg mange bibelske stadnamn. Av 1950-matrikkelen går det fram at det oftast er misjonsforeiningar som eig eide domar og bygningar med namn som *Betlehem* og *Betel*. Eit historisk interessant døme på bruken av *Betlehem* er dokumentert i ei kjelde frå 1668. Under garden Spissøya på Moster er

det nemnt ein gjestgjevarstad *Betlehiem*, «som paa Grund af sin Betydning ‘Brødhus’ er anvendt som Navn paa et Gjæstgiversted».

### Fordeling

Dei utanlandske stadnamnlåna er spreidde over heile landet, men likevel slik at dei finst noko oftare på Sør-Austlandet. Dette heng venteleg saman med at desse stroka ligg næraast ein del av dei landa namna er henta frå, og folk bur tettare her. Ein annan grunn kan vera at dei mange husmannsplassane i denne landsdelen var lettare mottakelege for slike namn. Ikkje sjeldan finn ein to eller fleire namn av denne typen i eit avgrensa område, som i Enebakk, der *Altona*, *Hamburg* og *Lybekk* ligg på rekke på vestsida av vatnet Mjær, med *Danmark* på austsida og med *Skåne* lenger nord i bygda. *Båhus* og *Skåne* er grannenamn i Ringsaker, medan *Hamburg* og *Lybekk* ligg nær kvarandre i Trøgstad og i Aurskog. Østfold ser i det heile ut til å ha vore særleg mottakeleg for utanlandske oppkallingar, for i Rødenes førekjem *England*, *Frankrike*, *Slesvik*, *Pommern*, *Holstein* og *Meklenborg*. På Nordberg i Oslo finst *Holstein* og *Hamburg*. Dette kan vera utslag av eit kontrasterande namngjevingsprinsipp. Elles er det eit gjennomgående trekk at namna har vore nytta om små bruk og plassar. Mange av namna er ikkje lenger i levande bruk, og ofte er busetnaden som namna var nytta om, borte.

### Dømesamling

Som nemnt er stadnamn frå dei næraaste landa mest talrike, men ein vil sjå at fleire kontinent er representerte i det

norske namnelandskapet. *Danmark*, *Båhus*, *Lybekk* og *Hamburg* er mellom dei mest populære. Her fylgjer eit utval (langt frå fullstendig) ordna etter grupper av land. Det er nytta den same skrivemåten som i den kjelda som ligg til grunn (bortsett frå at aa er endra til å):

**a Nordiske land:**

Danmark, Fyn, Sverig/Sverige,  
Stokholm, Båhus, Bahus,  
Kongel/Kongell, Skåne,  
Gottenborg, Jamtland/Jemtland,  
Island, Grønland, Finland, Åbo.

**b Andre europeiske land:**

Tyskland, Altona, Hamburg/  
Hamburg, Holstein/Holsten,  
Lybekk, Oldenborg, Brandenborg,  
Meklenborg, Berlin, Vittenberg,  
England/Engeland, Skottland,  
Holland, Frankrig/Frankrike.  
Paris, Normandi, Bern, Portugal,  
Italia, Solferino, Pompei, Hellas,  
Golan, Balkan, Polen, Pommern,  
Russland, Moskau, Sibir/Sibirien,  
Petersborg/Petersburg.

**c Andre verdsdelar:**

Vinland, Amerika, Nyork, Florida,  
Chicago, Dakota, Canada, Kanada,  
Labrador, Kvebekk, Kvebaek,  
Afrika, Sahara, Durban.

**d Bibelske stadnamn:**

Jerusalem, Getsemane, Jeriko,  
Kapernaum, Nasaret, Betlehem,  
Betel.

**Skrivemåte og uttale**

Dei namna som finst i det offentlege kartverket, er normerte etter gjeldande reglar. I matrikkelutkastet og Norske

Gaardnavne og andre kjelder vil skrivemåten variera etter skriveskikken i tida, slik at ein finn *Bahus*, *Stokholm*, *Frankrig*. Interessant er det at namn på -burg oftast er skrivne -borg, t.d. *Hamburg*, *Petersborg*. Men uttaleopplysningane i Norske Gaardnavne og annan munnleg tradisjon viser at namna er tilpassa det lokale lydsystemet, t.d.

/'bø:us/ for *Båhus* i Ringsaker,  
/baus/ for *Bahus* i Fana,  
/'stakkhølm/ for *Stokholm* i Våler i Hedmark,  
/'høllstein/ for *Holstein* i Spydeberg,  
/'péttersbårr/ for *Petersborg* i Løten (som òg kan vera ei heimleg laging med personnamnet *Peter*),  
/'røsslann/ for *Russland* i Skjeberg.

Dei aller fleste utanlandske oppkallingsnamna er uttala med einstavings tonelag. Også landsnamna er til dels tilpassa i ein lokal uttale, t.d.  
/'sværíe/ for *Sverige*,  
/"/frankrik/ (tonem 2!), /'frankrikji/ for *Frankrike*.

Lydlege tilpassingar som *Hamburg* og *Petersborg* av det utanlandske -burg viser at namnbrukarane har vore medvitne om det språklege innhaldet, sjølv om *Kongel(l)* av det svenske *Kungälv* viser at sisteleddet er endra til det ukjennelege. Derimot er sisteleddet i *Lübeck* tydeleggjort i forma *Lybekk*.

**Namnemotiv**

Som tiåring sat eg på med ein bil frå Lofthus til Øvre Eidfjord, og då me kom over bruha til det flate lendet til garden Sæbø, sa sjaføren at «no er me komne til Danmark». Eg trur ikkje denne karakteristikken feste seg som namn, men han kunne vel ha gjort det om dei naudsynte føresetnadene had-

de vore til stades. Mange namn av typen *Danmark* har opphav i assosiasjonar med flatt lende, gjerne relativt små flater med tanke på at Danmark er eit lite land. Namnet *Grønland* har ofte oppstått av di namngjevarane har funne staden særleg grøn, eller rett og slett for å gje eit rosande namn, men ein assosiasjon til namnet på den store øya har ofte spela med. For mange av desse namna kan ein tenkja seg opphavet til slike oppkallingsnamn utan at ein dermed kan fastslå sjølv tildrivet til namnet. Oluf Rygh gjev fylgjande informative omtale av namnetypen:

De fleste Lande i Europa og en Mængde af dets Byer findes derfor igjen i norske Gaardnavne; i den senere Tid ere ogsaa Navne fra Amerika komne til, som *Kvebek*, *New-York*, *Chicago*, *Dacotah*. Af indenlandske Navne have nogle bohuslenske Bynavne (*Bahus*, *Kongell*, *Oddevall*), uvist af hvilken Grund, været i særlig Yndest i 16de og 17de Aarh. Ofte vælges ogsaa Navne, som blive bekjendte gjennem Litteraturen, mythologiske Stedsnavne, Navne paa udenlandske Steder, som blive almindelig omtalte paa Grund af mærkelige Begivenheder, som nylig ere foregaaede der.

Om *Jemtland* på Vestre Toten seier Norske Gaardnavne at det er «ret ofte brugt som Namn paa Pladser og nyere Gaarde og er vel overalt Opkaldelse efter Jemtland i Sverige», utan å seja noko om kvifor. Bakgrunnen for dette og somme andre svenske namn kan vera at ein rydningsmann frå dei svenske stadene har slått seg ned her. Stundom kan det liggja ei hending bak. Dei mange stadene *Altona*, *Hamburg*, *Holstein* og *Lybekk* har venteleg fått

namn gjennom den tette handelskontakten med Nord-Tyskland. *Altona* i Våler i Østfold held Kåre Hoel for oppkalling etter byen *Altona* i Holstein (no ein del av Hamburg), som låg under Danmark fra 1640 til 1866. Staden vart velkjend gjennom krigshandlingane og vart brend av svenskar i 1713. Margit Harsson reknar med at Holstein-namna vart tekne i bruk i siste halvdelen av 1700-talet av di norske soldatar var utkommanderte dit i perioden 1757–1763 fordi det var fare for krig. Det ser i alle fall ut til at store hendingar ute i verda, særleg krig, ligg bak ein del av oppkallingane. Det gjeld truleg *Solferino* (Røyken), som må ha oppstått straks etter det store slaget ved denne italienske byen i 1859 (dette slaget var sterkt medverkande til at Henry Dunant seinare grunnla Raudekrossen). Sameleis kan *Sebastopol* (Jæren) ha fått namnet under eller straks etter Krimkrigen 1853–56 (der Florence Nightingale gjorde ein stor humanitær innsats). Namnet *Waterloo* i Leksvik skal etter tradisjonen på staden koma av at ein mann derifrå hadde vore med på dette store slaget mot Napoleon i 1815.

Oppkalling etter amerikanske stader, som *Nyork*, *Dakota* og *Portland*, kan svært ofte knytast til dei norske innvandrarane på 1800-talet. Staden dei kom til i Amerika, kunne gi namn til plassen dei kom frå.

### Tidspunkt

Ovanfor er det nemnt at Ålborg i Eidsvoll kan ha vore påverka av det danske bynamnet alt i mellomalderen. Dette kunne også gjelda *Gallis* i Andebu, skrive i *Galizo* ca. 1400, som NG meiner

må vera «Opkaldelse af Landskabsnavnet Gallicien i Spanien, som var vel kjendt i Norge i MA. paa Grund af de hyppige Valfarter til Apostelen Jakobs Grav i Compostela, efter hvem Landet i Norden oftest kaldes Jakobsland». Det siste namnet kan vera oppteke i gardsnamnet *Jaksland* i Røyken (NG 6 s. 172). *Serkland* i Våle kan vera ei mogeleg oppkalling etter det mellomalderlege norske namnet på landet mellom Eufrat og Tigris. Sjølv om desse forklaringane ikkje er heilt sikre, er det grunn til å rekna med at oppkalling etter utanlandske stader har førekome langt attende. Der ein har skriftlege kjelder, kan ein slå fast kor gammalt namnet minst må vera. Dei fleste namna som er nemnde ovanfor, skriv seg frå 1600–1700-talet og frametter, og frå den tida er ein del av dei heimla i kjelder, t.d. fylgjande namn frå Spydeberg: *Oldenborg* i Spydeberg i 1655, *Vittenberg* i 1722 og *Holstein* i 1792. Nokre av dei bibelske namna kan vera fleire hundre år gamle, men dei fleste er truleg frå dei siste 100–150 åra, særleg gjeld det namn på forsamlingshus.

## Litteratur

BØ = Hoel, Kåre. *Bustadnavn i Østfold* 1–6. Utg. av Margit Harsson og Tom Schmidt 1994–2005.

Grunnmanus = Hoel, Kåre.

*Grunnmanus for Bustadnavn i Østfold.* 1950–89. Seksjon for namnegransking, Institutt for lingvistiske og nordiske studium.

Matrikkelutkastet 1950:

<http://www.dokpro.uio.no/cgi-bin/stad/matr50>

NG = Rygh, Oluf: *Norske Gaardnavne. Oplysninger samlede til Brug ved Matrikelens Revision. I–XVIII.*

Kristiania / Oslo 1897–1924. *Forord og Indlending. Fællesregister* ved Albert Kjær. Oslo 1936. [http://www.dokpro.uio.no/rygh\\_ng/rygh\\_felt.html](http://www.dokpro.uio.no/rygh_ng/rygh_felt.html)

Norgesglasset:

<http://ngis2.statkart.no/norgesglas-set/default.html>

Stednavneordbog = Jørgensen, Bent, 1994: *Stednavneordbog*. 2. utg.

# murer murer murer

---

SVEIN NESTOR

---

**D**E TRE IDENTISKE ordene i overskrift-  
en gir ingen spesifikk mening slik  
de står, men overskriften inneholder  
likevel noe som er kjent for alle som kan  
norsk. For å skjønne betydningen av  
ordet *murer* må vi først vite hva rotele-  
mentet *mur* betyr, og det kan vi bare få  
vite ved at noen definerer det for oss  
eller peker på en mur. Men selv *det* er  
ikke nok til å finne ut hva *murer* betyr,  
for *det* vet vi ikke før vi også har fun-  
net ut hva *-er* i *murer* betyr.

## **Mur + -er kan bety så mangt**

*Murer* kan være flertall av substantivet *en mur*, og da er det dannet med fler-  
tallsendelsen *-er*, som vi f.eks. finner i  
*lur-er* (av *en lur*), *tur-er* (av *en tur*) og  
*skur-er* (av *en skur*), og i utallige andre  
flertallsformer av substantiv.

Så kan *murer* være *entall*, dannet av  
substantivet *mur + er*. Her er *-er* et av-  
ledningselement. Dette avledningsele-  
mentet markerer ikke bare entall, men  
også at det substantivet som det er med  
på å danne, er en person eller innret-  
ning «som har ‘noe’ med *mur* å gjøre».

Avledningselementet *-er* finner vi  
igjen i en mengde andre substantiver,  
som alle har det til felles at de beteg-  
ner en person eller innretning som ut-  
fører en handling som har tilknytning  
til det som roten betegner. Eksempler er  
*en løp-er*, *en heng-er*, *en hold-er*, *en bak-er*,

*en bedrag-er*.

Endelig kan *murer* også være verb.  
Det er dannet av *mur + er*, og i dette  
tilfellet er *-er* en presensendelse som  
fins i de aller fleste norsk verb, f.eks. *de dur-er*, *de lur-er*, *de tur-er*, *de skur-er*, *de stor-er*

## **Pronomenet avgjør**

Men også presensendelsen *-er* er fler-  
tydig, for i seg selv gir den ingen opp-  
lysninger om hvorvidt den som utfører  
handlingen, er 1. person entall  
(*jeg murer*), 2. person entall (*du murer*),  
3. person entall (*han, hun, det murer*);  
1. person flertall (*vi murer*), 2. per-  
son flertall (*dere murer*) eller 3. person  
flertall (*de murer*).

I normal kommunikasjon er det vikt-  
ig å avgjøre hvilken person og hvilket  
tall en verbform står i, men slike opp-  
lysninger får vi ikke av verbformen i  
seg selv i vårt språk. Forholdet må ut-  
trykkes ved hjelp av enten pronomener  
(*du murer*), tallord (*tre murer*, mens de  
andre bare står og ser på) eller sub-  
stantiver (*en snekker murer ikke gjerne*).

## **Hvordan vet vi hva som er hva?**

Når det er slik at én og samme bokstav-  
rekkefølge *murer* enten kan være et sub-  
stantiv i flertall (*riv to murer!*), et sub-  
stantiv i entall (*han vil ikke bli murer*)  
eller en presensform i tre forskjellige

personer både i entall (*jeg, du, han murer*) og i flertall (*vi, dere, de murer*), hvordan kan det da i det hele tatt være et brukbart ord? Hvordan skjønner vi allikevel hva som menes i hvert enkelt tilfelle? For det gjør vi jo.

Når det i overskriften står *murer murer murer*, er det ingen gitt å si hvilken av alle de mulighetene som vi har gjort rede for over, det dreier seg om i hvert enkelt av de tre tilfellene. Hver gang kan *murer* i utgangspunktet like gjerne være et verb som et substantiv, og er det et substantiv, kan det altså være både entall og flertall.

### Det viktige ordet *en*

Men dersom vi i overskriften setter inn det lille ordet *en* – vel å merke på riktig plass – vet alle med en gang om *murer* er et substantiv (entall eller flertall) eller verb (hvilkens tid og person det er). Men hva er «riktig plass» i et tilfelle som *murer murer murer*? Jo, det er bare den plassen eller de plassene der ordet *en* kan stå uten at enhver som kan norsk, øyeblikkelig ser at noe er feil. Vi begynner bakfra med å sette ordet *en* inn i *murer murer murer*.

- 1 murer murer murer en
- 2 murer murer en murer
- 3 murer en murer murer
- 4 en murer murer murer

Alle ser at det bare er 3 og 4 som er mulige setninger i norsk. Men hvordan ser alle det? Grunnen kan ikke være grammatikkunnskaper fra skolen, for også den gang folk flest var analfabeter, visste de at 3 er en normal setning. Og ikke bare det, de visste også at 3 er en spørresetning. Heller ikke ganske

små barn er i tvil om dette. Og både analfabeter og ganske små barn vet at 4 ikke er noen spørresetning, men en fortellende setning.

Da har vi iallfall funnet ut at i en setning av denne typen kan ordet *en* ikke stå etter den siste av de tre forekomstene av *murer*, og at det heller ikke kan stå etter det nest siste *murer*. Ordet *en* kan altså bare stå på visse plasser i en normal setning. Det er også restriksjoner på hvor ordet *murer* kan stå i en normal setning som bare består av ordene *murer* og *en*.

### En helt normal norsk setning

*En murer murer murer* er en litt uvanlig setning, men den oppfyller alle grammatiske krav som må stilles til en normal norsk setning, så den er helt korrekt:

En foran det første *murer* viser at *murer* (i dette tilfellet!) er et substantiv, og at dette substantivet står i entall.

Men i *En murer murer murer* er de to siste forekomstene av *murer* identiske. Ingen av de to har noen markør foran eller etter seg som viser at det første *murer* er et verb i presens (for det er jo det det er). At det første *murer* her er verbet *mure* i 3. person entall, vet vi fordi det står etter *en murer*, som jo er 3. person entall. Like sikre er vi på at det tredje *murer* er flertall av *en mur*, og ikke noe annet.

Forklaringen på at vi vet dette sikkerlig, ligger i ordstillingen. Den som kan det norske språksystemet, vet intuitivt at ordenes plassering i forhold til hverandre gir viktig informasjon. Og det er den funksjonen ordet har i setningen, og ikke bare ordklassen, som avgjør hvor ordet plasseres i setningen.

### **Murer i entall og murer i flertall**

I eksempelet vårt er både det første *murer* (entall *en murer*) og det tredje *murer* (flertall av *en mur*) substantiv, men ordstillingssreglene i norsk avgjør at det første *murer* er subjektet, og at det tredje *murer* er objektet. At det stemmer, kan vi kontrollere ved å sette inn for eksempel de personlige pronomenene *jeg* og *du* (subjektsform), som i objektsform heter *meg* og *deg*, på de plassene der henholdsvis det første og det tredje *murer* står.

Det kan f.eks. bare hete *jeg lurer deg*, ikke *deg lurer jeg*. (Hvis en da ikke vender om på ordstillingen for å fremheve objektet, som dermed også får sterkt trykk. Men det tilfellet ser vi bort fra her.)

Det er også verdt å legge merke til at det lille ordet *en* ikke kan plasseres hvor som helst i sekvensen *murer murer murer*. *En murer murer murer* er også helt greit, Det er også *Murer en murer murer?* men da er det helt sikert et spørsmål, og det må vi i skrift markere med spørsmålstegn. Derimot er *Murer murer en murer* i beste fall en meningsløs ordsekvens, i verste tilfelle helt ugrammatisk norsk.

### **Hva blir svaret?**

Men hva hvis vi sammenligner svarene på disse spørsmålene?

Spørsmål:

- a Hvem murer her?
- b Hva gjør en (dvs. *man*) her?
- c Hva murer en her?
- d Hva gjør en murer?
- e Hva murer en murer?

Svar:

- a En murer.
- b En murer.
- c En murer murer.
- d En murer murer murer.
- e En murer murer murer.

Alle de fem svarene begynner med de samme to ordene: *En murer*. Eller gjør de ikke det?

### **En murer fem ganger**

Svaret på spørsmål a er identisk med svaret på spørsmål b, men den grammatiske analysen av dem er ulik:

I svaret på spørsmål a er *en* ubestemt artikkel, og *murer* er et substantiv i entall. Noe verbal fins ikke, og følgelig er *En murer* her ikke noen setning.

I svaret på spørsmål b er *en* ubestemt pronomen, som utgjør subjektet, og *murer* er et verb i presens. Følgelig er *En murer* her en setning.

I svaret på spørsmål c er *en* ubestemt pronomen, som utgjør subjektet, det første *murer* er et verb i presens, og det andre *murer* er et substantiv i flertall.

I svaret på spørsmål d er *en* ubestemt artikkel, og det første *murer* er et substantiv i entall. Til sammen danner de subjektet. Det andre *murer* er et verb i presens, og det tredje *murer* er et substantiv i flertall, som utgjør objektet for det andre *murer*.

I svaret på spørsmål e er *en* ubestemt artikkel, og det første *murer* er et substantiv i entall. Til sammen utgjør de subjektet. Det andre *murer* er et verb i presens. Det tredje *murer* er et

Forts. side 32

# *Filleonkel og filletante*

## – kommentar til kommentarar

---

LARS S. VIKØR

---

SPRÅKNYTT NR. 4/2005 skreiv eg ein artikkel om *filleonkel* og *filletante* og bad om kommentarar og informasjon fra lesarane. Det har komme inn tretten kommentarar, blant anna med opplysningar om kva svararane sjølve meinte at desse orda tydde. Det kan vere interessant å summere opp mønstra i svara. Det er sjølv sagt inga vitskapleg granskning, men kan kanskje likevel seie litt om visse tendensar.

Eg fann tre hovudtydingar av slektskapsorda på *fille*- i ordbökene:

- 1 syskenbarn til far eller mor
- 2 inngifta onkel eller tante
- 3 familievenn som ikkje er i slekt.

Alle desse tydingane var representerte i kommentarane.

Tyding 1 fekk fem «stemmer», alle frå Sør-Austlandet. Tyding 2 var det tre som kjendest ved, éin av dei berre sekundært. To av dei kjende òg tyding 3. Tyding 3 fekk, medrekna desse to, også fem stemmer. Både tyding 2 og tyding 3 var kjende i ulike landsdelar (Oslo, det indre Austlandet, Hordaland og Molde var representerte i svara). To av dei som svara, gav ikkje opp nokon tyding, men koncentrerte seg om opphavet, som eg kjem til nedanfor.

Eg dreg ikkje andre konklusjonar av dette enn denne oppsummeringa.

Men ein kan merkje seg at alle dei som svara, med eitt unntak, er fødde i 1930- og 40-åra. (Det eine unntaket er fødd tidleg på 60-talet, to gav ikkje opp fødselsår.) Eit spørsmål ein kan stille, er om dette tyder på at desse nemningane er på veg ut, noko eit par av av svararane òg er inne på.

Når det gjeld opphavet, peikar tre svararar på fransk *fille* «dotter, jente» som ein mogleg inspirasjon. Eg vurderte det da eg skreiv artikkelen min, men kom til at det var så lite truleg at eg lét vere å nemne det. Men i og med at opphavet kan sjá ut til å ha vore ei form for kreativ «språkleik» innanfor det norske byborgarskapet for om lag hundre år sidan, eit samfunnssjikt der det var ganske utbreidd å kunne fransk, kan ein sjølv sagt ikkje 100 % avvise at det kan ha vore eit samband. Likevel er det svært vanskeleg å sjá korleis dette sambandet kan ha arta seg.

Takk til dei som har gjort denne kommentaren mogleg: Yann Aker, Torun Berntsen, Else Breen, Hallgeir Dale, Bjørg Fjellteit, Aud Steier Griem, Trond Hellemo, Sidsel Lydersen, Bjørn Melby, Bjørn Myhre, Svein Nestor, Kåre Sørby og Tor Ulset.

# Ny språktjeneste i staten

ETTER VEDTAK i Stortinget har Språkrådet opprettet en språktjeneste for statsorgan. Tjenesten består i dag av tre rådgivere og ble lansert av kultur- og kirkeminister Trond Giske på en konferanse 20. september i år.

Språktjenesten har to likestilte hovedoppgaver. Den ene er å bidra til at det skrives bedre norsk i alle statlige institusjoner, den andre å medvirke til en jevnere fordeling av bokmål og ny-norsk i dokumenter fra staten (både papirdokumenter og tekster på nettsteder).

Språktjenesten ønsker å gi hjelp til selvhjelp. Rådgiverne kan for eksempel ta for seg trykte eller elektroniske

dokumenter og gi tilbakemeldinger til vedkommende institusjon om språkbruken. Rådgiverne kan peke på utfordringer og foreslå løsninger.

Språktjenesten ønsker å spille på lag med ledere på alle nivåer i staten. Jo større innsats en leder gjør, desto bedre oppfølging kan han eller hun regne med å få fra språktjenesten.

Språktjenesten kommer til å samarbeide nært med bladet *Statsspråk*, som Språkrådet gir ut.

På Språkrådets nettsider (<http://www.sprakradet.no>) er det alt lagt ut en del nyttig informasjon om språktjenesten, og mer vil komme etter hvert.

## Er ordet «neger» diskriminerende?

I det siste har det vært debatt i mediene om bruk av ord som «neger». Noen mener at slike ord virker diskriminerende, mens andre mener at det ikke ligger noe nedsettende i dem. Styret i Norsk språkråd vedtok i 2001 retningslinjer for sekretariatets rådgiving i samband med denne typen ord. Om ordet «neger» uttalte Norsk språkråd blant annet:

«Neger» har vore normalordet på norsk for folk med svart eller mørkebrun hudfarge, og for mange er det framleis nøytralt. Men i det siste har det gått fram av pressa at mange nord-

menn med afrikansk bakgrunn ikkje liker å bli kalla 'neger', mens andre meiner at det er greitt, så det er delte meningar om dette blant dei det gjeld. Likevel er det grunn til å vera varsam. Språkrådet må rá folk til å tenkja seg om før dei nyttar slike sensitive ord. Det er därleg folkeskikk å kalla folk med eit ord dei ikkje liker, same kva 'vi andre' måtte meina om innhaldet i ordet.»

Retningslinjene ble publisert i en artikkel i Språknytt nr. 3/2001. Numeret ligg på Språkrådets nettsider: [www.sprakradet.no](http://www.sprakradet.no)

# Språk på nett

## Språkpolitiske tekster

Ivar Aasen-tunet har lagt ut en rekke språkpolitiske tekster fra 1646 fram mot våre dager. Tekstene fins som egen seksjon i Nettbiblioteket på:  
[www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no)

## Henrik Ibsens sitatfest

En rekke sitater fra Henrik Ibsens diktning har blitt felleserie i det norske språket. I forbindelse med Ibsenåret 2006 har Språkrådet lagd en liten test: Hvor stammer sitatene fra – fra hvilke dramaer eller dikt? Testen finner du på:  
[www.sprakrad.no/leik](http://www.sprakrad.no/leik)

## Heimskringla.no

Prosjektet «Norrøne tekster og kvad» har til formål å formidle norrøn litteratur på Internett. I tillegg til kildetekster på originalspråket vil en kunne finne oversettelser til nyere skandinaviske språk, klassiske vitenskapelige tekster og annet bakgrunnsmateriale. I hovedsak er dette materiale fra før 1900.

Adressa er: [www.heimskringla.no](http://www.heimskringla.no)

## Felles nordisk språkpolitikk

Utdanningsministrene i de nordiske landene har vedtatt en en erklæring om felles nordisk språkpolitikk. Erklæringen tar blant annet sikte på å styrke nabospråkundervisningen i skolen og gjøre de nordiske språkene syn-

lige i offentligheten, for eksempel i TV og film. Det tas også til orde for å utvikle flere internordiske ordbøker, både elektroniske og papirbaserte.

Mer informasjon:  
[www.sprakrad.no/aktuelt](http://www.sprakrad.no/aktuelt)



**alubyer** Hydro bygger ned på Vestlandet, noe som rammer «alubyer» som Høyanger og Årdal.

Adresseavisen 24.7.2006

**avholdsfundamentalist** Redelsen for å diskutere ukonvensjonelle og kontroversielle metoder i narkokrigen skyldes moraliserende protester fra avholdsfundamentalister.

VG 24.7.2006

**biografifilm** Livshistoriene til Ray Charles og Johnny Cash ble kjempesukssesser på film. Dermed banet de vei for en drøss nye biografi-filmer om musikklegender.

Dagsavisen 22.7.2006

**byvisjonær** Selvutnevnt byvisjonær Odd Reitan drømmer om sitt eget Hyde Park, og ønsker at Torvet skal bli et nedsenket amfi med storscene.

Adresseavisen 24.7.2006

**ekspedisjonsturisme** Øivind og Laura Wesseltoft er et peruanansk/norsk ektepar som driver ekspedisjonsturisme fra Lima.

VG 24.7.2006

**generasjonsdepresjon** Vi som har hatt generasjonsdepresjoner helt fra vi kastet russe-luen, bør kunne takle fortærskjelven.

Bergens Tidende 23.7.2006

**håndleddsmonitor** Hvert par ble bedt om å tilbringe 10 netter i samme seng og 10 netter

30

hver for seg, samtidig som forskerne vurderer deres sovemønster med spørsmål og håndleddsmonitorer.

VG 24.7.2006

**jappetermometer** Salget av milliondoninger er bare noe av det som slår ut på jappetermometeret: Ingen byer kan vise til flere solgte Porsche Cayenner i forhold til folketallet enn Stavanger det siste halvannet året.

Stavanger Aftenblad 24.7.2006

**kartnerd** Kartnerder som finkjemmer Jordens overflate med Google Earth finner mye rart i Nord-Korea og Kina ...

VG (VG Nett) 21.7.2006

**landstøting** «Strand» fikk ingen ytre skader etter landstøtingen.

Stavanger Aftenblad 22.7.2006

**medgangstrener** Fredrikstad - og Vikingfans talsmenn ser på Nordlie som en medgangstrener: - I medgang er alle gode, men jeg tror ikke han takler motgang like godt, sier Oftedal i Viking-hordene.

Aftenposten 21.7.2006

**medsyn** Det jobbes nå med dataoverføring uten 20 millisekunds forsinkelse, noe som vil lette arbeidet til de ansatte.


- Alle i huset skal kunne se hva som skjer på sine PC-er. Det skal være medhør i hele huset og medsyn i store deler av huset, sier Nordhus.

Bergens Tidende 21.7.2006

Frå ein reportasje om operabygget i Bjørvika i Oslo.

**sofanomade** Mens boligprisene klatter til stadig nye høyder, varsles det om en lite omtalt gruppe: De hemmelige hjemløse. [...] For noen - og kanskje for ubehagelig mange - er svaret «sofanomade». Å bo hos andre, i en ledig seng, på en sofa. Kanskje låne en hybel, flytte videre til noen som er bortreist, bo i en koffert eller sekke.

Aftenposten 30.8.2006



*Redaksjonen tek gjerne mot brev frå lesarane. Det kan vere kommentarar til artiklane og emne i bladet, interessante ord og uttrykk ein har kome over, nyord, språkspørsmål eller anna. Adressa er: Språknytt, Språkrådet, Postboks 8107 Dep, 0032 OSLO*

**Spørsmål:** Mennesker fra Nigeria kaller vi nigerianere. Men hva kaller vi mennesker fra landet Niger i Vest-Afrika?

**Svar:** En som kommer fra landet Niger, heter *en nigerer*.

Ordet bøyes etter det vanlige mønsteret for innbyggernavn som ender på *-er*:

En tysk-er ~ tysker-en ~  
flere tysker-e ~ alle tysker-ne  
En bulgar-er ~ bulgarer-en ~  
flere bulgarer-e ~ alle bulgarer-ne  
En niger-er ~ nigerer-en ~  
flere nigerer-e ~ alle nigerer-ne  
En nigerian-er ~ nigerianer-en ~  
flere nigerianer-e ~ alle nigerianer-ne

Det som kan virke påfallende med formen *en nigerer*, er at bokstavsekvensen *er* forekommer to ganger. Men det første *er* er en del av landsnavnet Niger, og det andre *er* er det suffikset som danner innbyggernavn av landsnavn.

Et tilsvarende fenomen opptrer i nynorsk med ordet for en innbygger i Bulgaria, som er *ein bulgarar*.

Bøyningen i nynorsk er slik:

Ein tysk-ar ~ tyskar-en ~  
fleire tyskar-ar ~ alle tyskar-an  
Ein bulgar-ar ~ bulgarar-en ~  
fleire bulgarar-ar ~ alle bulgarar-an

I ubestemt flertall av *ein bulgarar* forekommer bokstavsekvensen *ar* altså hele tre ganger.

**Spørsmål:** Hva er betegnelsen på et ord som dannes av forbokstavene i ord som følger etter hverandre?

**Svar:** Fagordet her er *akronym* eller *initialord*.

NATO (North Atlantic Treaty Organisation) er et velkjent akronym. Også akronymet OTAN brukes som navn på denne organisasjonen. Det er dannet av det franske navnet Organisation du traité de l'Atlantique Nord.

Eksempler på andre kjente akronymer er *radar* (av Radio Detection and Ranging) og *Benelux* av *Belgia*, Nederland og *Luxemburg*.

**Spørsmål:** Noe som stadig går igjen i kryssordoppgaver, er synonym til adjektivene *enig* og *enige*. For *enig* blir løsningsordet *sams*, og for *enige* blir det *samse*. Jeg mener at det riktige svaret er at synonymet til *enig* er *samd*, og at det til *enige* er *samde*.

**Svar:** Både *sams* og *samd* betyr 'enig'. (*Sams* kan i tillegg bety 'felles'.) Flertallsformen av *samd* er *samde*, mens *sams* er ubøyelig, og derfor heter det *sams* i flertall også.

### Fra s. 26 *murer murer murer*

substantiv i flertall, som utgjør objektet, for det andre *murer*.

Sammenlign ordstillingen i:

*En murer murer murer* med f.eks.

*En snekker slår en rørlegger*

*En rørlegger slår en snekker*

og ordstillingen i:

*Murer en murer murer?* med f.eks.

*Slår en snekker en rørlegger?*

*Slår en rørlegger en snekker?*

Alle andre setninger av tilsvarende type har den samme ordstillingen som i setningen *En murer murer murer*, som er en fortellende setning, og *Murer en murer murer?*, som er en spørresetning.

Betydningsinnholdet i de nye setningene er et helt annet enn i *murer murer murer*-setningen, men rekkefølgen av de leddene som setningen består av, følger nøyaktig det samme mønsteret som i våre nå gjennomterpede setninger.

### Trykksaker frå Språkrådet

- ..... eks. Norsk i hundre! Norsk som nasjonalspråk i globaliseringens tidsalder. Oktober 2005. 184 s. Kr 120.
- ..... eks. Språkkvaliteten i film- og fjernsynsteksting. Rapport fra en konferanse i Oslo, mars 2005. 98 s. Kr 70.
- ..... eks. Forståeleg språk for alle. Rapport frå ein nordisk konferanse om klarspråk. Kongsberg. 4.–6. november 2004. 120 s. Kr 75.
- ..... eks. Hvem tar ansvaret for fagterminologien? Rapport fra en strategikonferanse om terminologi og fagspråk i Norge. Oktober 2004. 126 s. Kr 50.
- ..... eks. Ordbok for fysikk og kjemi til skolebruk. Norsk språkråds skrifter nr. 7. 2000. 154 s. Kr 195.
- ..... eks. Ordtilfanget i nynorsk. Synsmåtar og røynsler. Norske språkråds skrifter nr. 5. 1998. 114 s. Kr 50.
- ..... eks. Purisme på norsk? Norsk språkråds skrifter nr. 4. 72 s. Kr 50.
- ..... eks. Rettsskriving hos nynorskforfattarar. Norsk språkråds skrifter nr. 3. 1995. 64 s. Kr 50.
- ..... eks. Egil Pettersen: Språknormering og forfatterne. Ortografi og morfembruk hos ti bokmålsforfattere for hvert av årene 1937, 1957 og 1977. Bergen 1993. 166 s. Kr 80.
- ..... eks. Kjønn, språk, likestilling. Retningslinjer for kjønnsbalansert språkbruk. 1997. 20 s. Gratis
- ..... eks. Kvifor i all verda skal eg lære nynorsk? For elevar i vidaregåande skule. 12. s. Gratis.
- ..... eks. Derfor trenger vi språkteknologi på norsk. 8 s. Gratis
- ..... eks. Temanummer om Ivar Aasen. Språknytt 1/1996. Enkeltnummer gratis. Klassesett (30 eks.) kr 90.

Namn: .....

Adresse: .....

Postnummer og -stad: .....

*Trykksaker som ikkje er gratis, blir sende med faktura.*

## FORFATTARANE

**Velle Espeland** er folkeminnegranskar og dagleg leiar for Norsk visearkiv.

**Botolv Helleland** er førsteamanuensis i namnegransking ved Universitetet i Oslo.

**Sylfest Lomheim** er direktør i Språkrådet.

**Svein Nestor** er rádgjevar i Språkrådet.

**Hans Johan Sagrusten** har vore bibelomsetjar og forlagsredaktør i Det Norske Bibelselskap og er no prest i Det evangelisk-lutherske kirkesamfunn.

**Karianne Skovholt** er stipendiat ved Handelshøyskolen BI. Ho har undervist i norsk som andrespråk og diskursanalyse ved Høgskolen i Bø.

**Lars S. Vikør** er professor i leksikografi ved Universitetet i Oslo.

### Omslagsbilete:

Murvegg med teglstein. Murstein. Gamlebyen i Fredrikstad.

© Thorfinn Bekkelund / Samfoto

### Internett

Tekstane i dette nummeret finst òg på Internett: [www.sprakradet.no](http://www.sprakradet.no)

#### SPRÅKRÅDET

Postboks 8107 Dep  
0032 OSLO

**Telefon:** 22 54 19 50  
**Telefaks:** 22 54 19 51

**Ansvarleg redaktør:**  
Sylfest Lomheim

#### Redaktørar:

Svein Nestor  
[svein.nestor@sprakradet.no](mailto:svein.nestor@sprakradet.no)

Åsta Norheim  
[asta.norheim@sprakradet.no](mailto:asta.norheim@sprakradet.no)

**Abonnement og adresseendring:**  
[post@sprakradet.no](mailto:post@sprakradet.no)

Signerte artiklar står for forfattaren

sitt syn.

Fire nummer i året.

Opplag: 25 000

Redaksjonen avslutta 27.10.2006

**Form:** NIGARD VENABYGD

**Trykk:** PDC Tangen 2006

ISSN 0333-3825

B

NORGE/NOREG



P.P.

**Returadresse:**  
**SPRÅKRÅDET**  
**Postboks 8107 Dep**  
**0032 OSLO**

ISSN 0333-3825